




**STRYN KOMMUNE**

2019 - 2022

## Handlingsdel med økonomiplan



Kommunestyret  
KS sak 137/18

18.12.2018

## Innhold


<b>1.</b>	<b>SAMANHENGEN MELLOM PLANSYSTEMET OG ØKONOMIPLANEN.....</b>	<b>3</b>
1.1	PLANSYSTEMET.....	3
1.2	KOMMUNEPLANEN SIN SAMFUNNSDEL .....	3
1.3	KOMMUNEDELPLANAR.....	3
1.4	KOMMUNEPLANEN SIN HANDLINGSDEL.....	4
1.5	ØKONOMIPLANEN.....	4
<b>2.</b>	<b>KOMMUNEPLANEN SIN MÅLSETJING.....</b>	<b>5</b>
2.1	HOVUDMÅL .....	5
2.2	SATSINGSMÅL .....	5
2.3	FØRINGAR FRÅ SAMFUNNSDELEN.....	6
<b>3.</b>	<b>KOMMUNEN SINE RAMMEVILKÅR .....</b>	<b>9</b>
3.1	FOLKETALSUTVIKLING .....	9
3.2	SYSSLESETTING .....	12
3.3	FRAMSKRIVING AV TENESTEBEHOV OG TAL ÅRSVERK .....	13
<b>4.</b>	<b>ØKONOMISK STATUS FOR KOMMUNEN – OG GENERELLE ØKONOMISKE FRAMTIDSVURDERINGER.....</b>	<b>15</b>
4.1	STATSBUDSJETTET 2019 .....	16
<b>5.</b>	<b>KOMMUNEN SINE INNTEKTER .....</b>	<b>21</b>
5.1	SKATT OG RAMMETILSKOT .....	22
5.2	EIGEDOMSSKATT.....	23
5.3	MOMSKOMPENSASJON.....	23
5.4	RENTEKOMPENSASJON FOR INVESTERINGAR .....	23
5.5	ØYREMERKA TILSKOT .....	24
5.6	SJØLVKOST.....	25
5.7	KOMMUNALE GEBYR .....	25
5.8	HUSLEIGE .....	26
5.9	AKSJER .....	27
5.10	FOND .....	28
<b>6.</b>	<b>KOMMUNEN SINE UTGIFTER .....</b>	<b>29</b>
6.1	RENTER .....	29
6.2	LØNS OG PRISVEKST, ENDRINGAR I PENSJONSUTGIFTENE .....	29
6.3	SAMANDRAG AV KOMMUNEN SINE INNTEKTER OG UTGIFTER .....	31
<b>7.</b>	<b>VIKTIGE PRINSIPP I ØKONOMIPLANEN .....</b>	<b>31</b>
7.1	LÅNEGJELDA.....	31
7.2	BRUK AV KOMPENSASJONSFOND .....	32
7.3	BRUK AV ANDRE KAPITALINNTEKTER/UTBYTTE.....	33
7.4	ENØK OG MILJØ .....	33
7.5	AVSKRIVINGAR .....	33
7.6	KALKULATORISKE RENTER .....	33
7.7	LIKVIDITET .....	34
<b>8.</b>	<b>UTFORDRINGER OG PRIORITERINGAR 2019 - 2022.....</b>	<b>35</b>
8.1	SENTRALADMINISTASJONEN – PRIORITERTE INNSPEL TIL HANDLINGSENDELSEN I ØPL 2019-2022 .....	35
8.2	SKULE OG KULTURSEKTOREN – PRIORITERTE INNSPEL TIL HANDLINGSENDELSEN I ØPL 2019-2022.....	43
8.3	HELSE- OG SOSIALESEKTOREN – PRIORITERTE INNSPEL TIL HANDLINGSENDELSEN I ØPL 2019-2022.....	46
8.4	TEKNISK SEKTOR – PRIORITERTE INNSPEL TIL HANDLINGSENDELSEN I ØPL 2019-2022 .....	53
8.5	ARBEIDSMILJØUTVALET - PRIORITERING AV HMS INNSPEL TIL HANDLINGSENDELSEN I ØPL 2019-2022.....	55
8.6	STRYN KYRKJELEGE FELLESRÅD - INNSPEL TIL HANDLINGSENDELSEN I ØPL 2019-2022.....	58
8.7	KONTROLLUTVALET SITT FRAMLEGG TIL BUDSJETT 2019 .....	63



# 1. SAMANHENGEN MELLOM PLANSYSTEMET OG ØKONOMIPLANEN

## 1.1 PLANSYSTEMET

Kommunen har ei rekke planar for sine areal og verksemdområde. Planar blir utarbeidde både etter plan- og bygningslova og etter anna lovverk. Figuren under skisserer plansystemet.



## 1.2 KOMMUNEPLANEN SIN SAMFUNNSDEL

Kommuneplanen består av ein samfunnsdel og ein arealdel, og er det overordna styringsdokumentet for utviklinga i kommunen. Samfunnsdelen fastset mål og strategiar for kommunesamfunnet som heilskap og kommunen som organisasjon. Arealdelen skal vise samanheng mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk, og er juridisk bindande.

Kommuneplanen sin samfunnsdel gjeld for perioden 2013-2024, og har eit tidsperspektiv på 12 år. Den skal ha ein handlingsdel med 4 års perspektiv som syner korleis planen skal følgjast opp.

I samband med utarbeiding av samfunnsdelen blei det bestemt at handlingsdelen og økonomiplanen skal utgjere eitt dokument, slik at overordna føringer frå samfunnsdelen og økonomiske prioriteringar blir betre knytt saman.

## 1.3 KOMMUNEDELPLANAR

Kommunedelplanar kan utarbeidast for eit avgrensa geografisk område eller for avgrensa tema, og skal følgje opp mål og strategiar frå kommuneplanen sin samfunnsdel. Kva for planar som skal utarbeidast/reviderast i kommunestyreperioden står i kommunen sin planstrategi 2016-2020.

Dei tematiske kommunedelplanane skal også ha ein handlingsdel. I desse handlingsdelane bør det ikkje fattast økonomiske bindande vedtak, då dette kan føre til at summen av alle tiltaka er større enn kommunen sine samla ressursar. Ressursfordelinga skal skje i dette dokumentet, handlingsdelen med økonomiplan, som skal vere kommunen sitt økonomiske styringsverktøy.

Sektor-, tema- og fagplanar er planar som i stor grad utarbeidast etter anna lovverk enn plan- og bygningslova. Desse er ofte viktige i oppfølging av kommuneplanen sin samfunnsdel, med konkretisering av mål og oppfølging med tiltak.

## **1.4 KOMMUNEPLANEN SIN HANDLINGSDEL**

Handlingsdelen skal konkretisere mål og tiltak knytt til målsetjinga, satsingsområda og strategiar i samfunnsdelen. Handlingsdelen gjer ei prioritering av kva vi bør få utført gjennom økonomiplanen, dei økonomiske ramma vil avgjere kva vi kan få utført. Det skal vere samsvar mellom samfunnsdelen og økonomiplanen.

Kommuneplanen sin samfunnsdel er delt inn etter tema, med tilhøyrande mål og strategiar. Desse står i kap. 2.3. Føringar frå samfunnsdelen. Ein har her berre teke med dei tiltaka som kan krevje økonomisk løyying for gjennomføring, i og med at dei økonomiske ressursane blir fordelt på sektorene er strukturert etter teneste/ansvarsområde.

Handlingsdelen med økonomiplan skal reviderast kvart fjerde år, men skal i tillegg bli rullert årleg. For den årlege rullinga skal kommunen innhente synspunkt frå berørte statlege og regionale organ og andre som har ansvar for gjennomføring av tiltak i handlingsdelen.

## **1.5 ØKONOMIPLANEN**

Heimelen for kommunen sitt arbeid med utarbeiding av økonomiplanen er i kommunelova § 44:

1. Kommunestyret skal ein gang i året vedta en rullerande økonomiplan.
2. Økonomiplanen skal omfatte minst dei fire neste budsjettåra.
3. Økonomiplanen skal omfatte heile kommunen si verksemد og gi ei realistisk oversikt over sannsynlege inntekter, venta utgifter og prioriterte oppgåver i planperioden. Planen skal være sett opp på ein oversiktleg måte.
4. I økonomiplanen skal det for kvart einskild år økonomiplanen omfattar visast dekning for dei utgifter og oppgåver som er ført opp, jf. § 46 nr. 6.
5. Planar som omfattar avgrensa deler av kommunen sin verksemد, skal integrerast i økonomiplanlegginga og bruken av midlar innarbeidast i planen.
6. Kommunestyret vedtar sjølv økonomiplanen og endringar i denne. Vedtaket vert gjort på grunnlag av innstilling frå formannskapet.
7. Innstilling til økonomiplan, med dei forslag til vedtak som ligg føre, skal leggast ut til alminneleg ettersyn minst 14 dagar før den vert handsama i kommunestyret. Dette gjeld likevel ikkje ved innstilling som gjeld endringar i økonomiplanen.
8. Økonomiplanen og endringar i denne oversendast departementet (fylkesmannen) til orientering.

Økonomiplanen omfattar også årsbudsjettet, som er ein detaljplan over den kommunale drifta og investeringar det komande året. Årsbudsjettet skal bygge på økonomiplanen.

På grunn av at handlingsdelen og økonomiplanen skal utgjere eitt dokument må forslag til vedtak av dokumentet gjerast offentleg minst 30 dagar før kommunestyret sitt vedtak, jf. krav i plan- og bygningslova § 11-4.

På bakgrunn av innarbeidning av framlegg til Statsbudsjett, som i år kom 8.10.2018, og etterarbeit etter dette vil vi ha problem med og halde fristen i plan- og bygningslova § 11-4 når det gjeld at dokumentet skal ligge offentleg minst 30 dagar før kommunestyret sitt vedtak. Det er statsbudsjettet som sett våre rammer og dette må innarbeidast i både driftsbudsjett og vidare

vurderingar av tiltak som skal inn i økonomiplanperioden. Dette skal vidare til sektorutvala før formannskap og dette er ein tidkrevjande prosess. Dette er det fleire kommunar som har problem med å innfri, og tema er diskutert med fylkesmannen, utan at det har blitt funnet ei god løysing på dette. Difor vil vi for Handlingsdel med økonomiplan 2019-2022 ikkje ha muligkeit til å innfri kravet om dokumentet skal ligge offentleg 30 dagar, men innfrir kravet om innstilling til økonomiplan i kommunelova § 44-7 til offentleg ettersyn i minst 14 dagar.

## 2. KOMMUNEPLANEN SIN MÅLSETJING

### 2.1 HOVUDMÅL

Hovudmål for kommuneplanen sin samfunnsdel 2013-2024 er:

#### VEKST BASERT PÅ BULYST OG NÆRINGSUTVIKLING

I denne samanheng er vekst både auke i folketal og næringsverksemd. For å få til dette må ein leggje til rette for gode bustadtilbod, godt kommunalt tenestetilbod og god folkehelse. Kommunen må i tillegg prioritere faktorar som gjer at Stryn kommune er ein god stad å bu i samt leggje til rette for utvikling av næringslivet.

### 2.2 SATSINGSMÅL

I arbeidet for å nå hovudmålsetjinga har kommunen valt ut tre satsingsområde med tilhøyrande mål og strategiar:

#### FOLKEHELSE

- Folkehelse skal vere gjennomgripande i kommunen sitt arbeid og sine tenester
- Auka fysisk aktivitet for alle, mellom anna ved å leggje til rette for fleire gang- og sykkelvegar, sentrumsnære turstiar, badeplassar og sikker tilgang til natur- og friluftsområde
- Godt samarbeid mellom kommunen og frivillige lag og organisasjonar

#### TILRETTELEGGING FOR NÆRINGSLIVET

- Plassere nye næringsareal i nærleik til hovudvegsystemet, primært kring Stryn sentrum og på Langeset. Minst mogleg konflikt med viktige jordbruksareal, natur- og kulturlandskap og friluftsområde
- Vidareutvikle Olden som cruisedestinasjon
- Godt samarbeid mellom skule og næringsliv
- Gode vilkår for grunderånda

#### BULYST OG BUSTADTILBOD

- Eit godt tenestetilbod innan helse- og omsorg
- Sikre god kvalitet i skule og barnehage
- Kommunen skal prioritere å få på plass attraktive bustadfelt i vekstområdet Stryn sentrum – Loen. Dette gjeld mellom anna bustadfeltet Solvik/Rake. Når det gjeld resten av kommunen skal ein leggje i hovudsak ut område for LNF – område med spreidd bustader, i tillegg til nokre få bustadfelt i dei største tettstadane
- Intensiv norskopplæring og god integrering av språklege minoritetar

- Aktivt samarbeid mellom kommune og sivil sektor om ulike integreringstiltak i lokalsamfunnet
- Stryn skal ha eit attraktivt, inkluderande og mangfaldig kulturliv for å styrke identitet, omdøme, næringsliv, trivsel og bulyst
- Stryn kulturhus skal vere kommunen sitt fremste hus for kunst og kulturformidling.
- Legge til rette for gode møteplassar i alle tettstader

## **2.3 FØRINGAR FRÅ SAMFUNNSDELEN**

I samfunnsdelen har ein sett fleire mål og strategiar innan dei ulike tema. Dei som kan krevje økonomiske løyingar er følgjande strategiar:

### **FOLKEHELSE**

- Helse og førebygging skal ha vekt i planlegging og tenesteutøving
- Tilrettelegging av god infrastruktur for fellesskap, tryggleik, deltaking og sunne levevanar
- Vidareføre og utvikle MOT arbeidet
- Satse på konseptet Frisklivssentral for strukturert hjelp til endring av livsstil
- Delta i interkommunal samfunnsmedisinsk teneste og andre relevante samarbeidstiltak

### **OPPVEKST**

- IKT som administrativt og fagleg verktøy i skule og barnehage
- Intensiv norskopplæring for språklege minoritetar
- Utvikle og få til betre samanheng mellom vaksenopplæring, arbeid og utdanning i samarbeid med NAV, flyktningetenesta og utdanningsinstitusjonane
- Dagleg fysisk aktivitet og fokus på kosthald i skule og barnehage
- Styrke samarbeidet med næringslivet
- Stimulere til auka aktivitet etter skuletid
- Gje tilbod om kulturelle opplevelingar i skule og barnehage
- Sikre ein framtidsretta og berekraftig barnehage- og skulestruktur. Tilboden i kommunen må byggast ut slik at ein til ei kvar tid har kapasitet til ein forventa vekst i barne- og elevtalet
- Auke barnehagekapasiteten i Stryn sentrum – Loen – Olden
- Sikre gode og tidsmessige lokale og aktivitetsområde
- Utarbeide kommunedelplan for oppvekstsektoren

### **HELSE OG SOSIAL OMSORG**

#### **Barneverntenesta**

- Interkommunalt samarbeid (tiltaksstillingar, fagleg samarbeid m.m.)

#### **Sosial tenester i NAV**

- Samarbeid med flyktningetenesta, vaksenopplæring og næringsliv for å kvalifisere flyktningar og innvandrurar til arbeid
- Gode samarbeidsstrukturar kring rusproblematikk og ressurs for samordning og innsats

#### **Helse- og omsorgstenester**

- Syte for funksjonelle lokalitetar for helse - og omsorgstenestene
- Utvikle samarbeid og samhandling med frivillige
- Satse på interkommunalt samarbeid om oppgåver som er vanskeleg å takle åleine

## **FLYKTNINGAR OG INNVANDRING**

- Nyte barnehage, grunnskule og SFO aktivt for å sikre god språkutvikling og integrering
- Ha arbeidsretta norskopplæring
- Aktivt samarbeid mellom kommune, næringsliv og NAV om språkopplæring og kvalifiseringstiltak for vaksne

## **IDRETT OG FRILUFTSLIV**

- Avklare og setje av areal til idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv
- Godt samarbeid mellom lag/organisasjonar og kommunen som stimulerer til utbygging, god drift og aktivitet
- Legge til rette for eigenorganisert aktivitet blant barn og unge ved å ha gode nærmiljø/aktivitetsanlegg
- Legge til rette for sentrumsnære turstiar og god tilgang til naturområder
- Sikre dei viktigaste friluftsområda, dette gjeld særleg turstiar og badeområde med parkering

## **KULTUR**

- Utvikle eksisterande og nye kulturtildel
- Gode støtteordningar/økonomiske rammevilkår for lag og organisasjonar som stimulerer til innsats og aktivitet
- Utvikle Stryn kulturhus vidare som kommunen sitt fremste hus for kunst og kulturformidling. Kulturhuset skal i tillegg vere eit naturleg val for møteverksemd, kurs og konferansar
- Utvikle og legge til rette for at Stryn kulturskule skal bli eit ressurssenter for kultur og kunstfag
- Arbeide for å få nye lokale til kulturskulen
- Utvikle og legge til rette for at Stryn bibliotek skal vere eit framtidssett og moderne folkebibliotek og skulebibliotek
- Synleggjere og inkludere eit aukande etnisk mangfold i kulturlivet
- Profesjonalisere tenestetilbodet innafor kultursegmentet
- Arbeide for å få gjenopprette stillinga som ungdomskontakt

## **KYRKJA**

- Sikre tilstrekkelege rammeløyvingar og tenesteyting

## **NATUR, KULTURMILJØ OG LANDSKAP**

- Utarbeide kommunedelplan for kulturminne og kulturmiljø

## **TETTSTADER OG BUSTADOMRÅDE**

- Setje av nye areal til bustadområde kring Stryn sentrum gjennom arbeidet med kommunedelplan for Langeset – Stryn – Storesunde
- Opne for samarbeid kommune/næringsliv om bygging av rimelege gjennomgangsbustader
- Initiere prosjekt for tettstadutvikling basert på fylkeskommunal deltaking
- Setje i gang planarbeid knytt til vidareutvikling av Olden som cruisedestinasjon

## **SAMFERDSEL OG INFRASTRUKTUR**

- Arealdelen skal avklare viktige spørsmål som
  - Stryn er eit trafikalt knutepunkt for storbil og buss
  - framtidig vegsystem for tilkomst til hytteområda nord for Stryn sentrum

- Prioritere finansiering og realisering av gang- og sykkelveg frå Loen til Solvik
- Utgreie behovet for framtidige løysingar for trafikken gjennom Stryn sentrum, og kvalitetssikre at arealdelen tek høgde for desse
- Bidra til regional og lokal samordning ved utbygging av breibandnett, stille krav om tilrettelegging av breiband ved ny utbygging. Vurdere økonomisk deltaking i utbyggingsprosjekt som ikkje har kommersielt grunnlag
- Kartlegge kritiske brukarar i høve breiband og framføringsvegar i beredskaps-samanhang i samband med heilskapleg ROS-analyse
- Prioritere sikring av vasskjelder og god vasskvalitet
- Utgreie utbygging og vedlikehald av vassforsyning og avløpsnett i sine respektive kommunedelplanar

#### **NÆRINGSUTVIKLING OG VERDISKAPING**


- Følgje opp næringsanalysa frå 2012 med ein tydeleg næringsstrategi. God oppfølging av gründerar. Kommunen sitt næringsapparat skal vere meir offensive i høve landbruket ved utadretta verksemrd, særleg i høve rekruttering, investering og tilleggsnæringar på garden
- Auke produksjonen innanfor landbruket med 1 % per år.
- Støtte opp om utvikling av reiselivsnæringa, særleg tiltak for betre inntening, utvida sesong og kommersiell utnytting av naturen i samsvar med reiselivsplanen for Sogn og Fjordane

#### **KLIMA OG ENERGI**


- Alle større bygg, som vert planlagt i nærleiken av fjernvarmeleidning, må ha vassboren varme samt kople seg til fjernvarmenettet. Plikta til tilknyting baserast på at fjernvarmeenergien er konkurransedyktig med andre energikjelder
- Vurdere elektrisitetsforsyning til cruiseskip i Olden som alternativ til dagens bruk av diesellaggregat. Energibehovet er svært stort og vil krevje ei styrking av el-nettet lokalt
- Stryn Sommarskisenter bør få el-forsyning fram til anleggsområdet, enten via nett eller ved lokal vasskraftproduksjon i eit småkraftverk
- Arbeide for meir kollektiv persontransport i kommunen gjennom arbeidsbussruter og tettare lokalbussnett skal redusere utslepp av klimagassar. Prøve å få til samarbeid mellom kommunen og fylkeskommunen for å etablere arbeidsruter til dei største arbeidsplassane i kommunen
- Etablering av ladepunkt for EL-bilar
- Offensiv for utbygging av gang- og sykkelveger

### 3. KOMMUNEN SINE RAMMEVILKÅR

#### 3.1 FOLKETALSUTVIKLING



Folketalsutvikling i Stryn frå 2000 til 2018 (SSB)



2018 er til 2. kvartal (siste kjende tal) (SSB)

I heile perioden, fram til 2017, oversteig fødselstalet tal døde i Stryn kommune. Nettoinnflytting til Stryn kommune har variert dei siste åra, men tala viser at dei i fjar var ein stor nedgang. Ser ein på alderssamsetningane i kommunen er ein stor del av dette personar mellom 0-50 år. Fram til 2 kvartal 2018 ser vi ei auke i folketalet. Endringar i folkemengda påverkar kor mykje kommunen får tildelt i rammetilskot. Frå 1.1.2019 vil det bli utført ei grensejustering i Markane og den delen av Markane som tilhørar Hornindal kommune blir flytta over til Stryn kommune. Dette vil føre til vekst i folketalet, og dette er tatt omsyn til i berekningane av skatt- og rammeinntektene til Stryn kommune.

Ein ser også utviklinga i frå inngangen 2017 til inngangen 2018 endringar i folkesamansetninga som gjer at ein i økonomiplanperioden 2019-2022 må gjere endringar i vedtekne tiltak som ikkje blir med vidare i økonomiplanen.


### Folkemengde 1. januar. Beregnede tall for nyeste kommuneinndeling.


	Personer	Endringar frå 1.1.17 til 1.1.18	
		2017	2018
<b>0-4 år</b>	420	409	-11
<b>5-9 år</b>	483	468	-15
<b>10-14 år</b>	478	485	7
<b>15-19 år</b>	506	494	-12
<b>20-24 år</b>	438	440	2
<b>25-29 år</b>	401	391	-10
<b>30-34 år</b>	434	416	-18
<b>35-39 år</b>	423	443	20
<b>40-44 år</b>	451	422	-29
<b>45-49 år</b>	490	488	-2
<b>50-54 år</b>	481	503	22
<b>55-59 år</b>	437	450	13
<b>60-64 år</b>	416	386	-30
<b>65-69 år</b>	416	427	11
<b>70-74 år</b>	343	374	31
<b>75-79 år</b>	225	229	4
<b>80-84 år</b>	177	174	-3
<b>85-89 år</b>	106	113	7
<b>90-94 år</b>	75	65	-10
<b>95-99 år</b>	17	16	-1
<b>100 år eller eldre</b>	1	2	1
	<b>7 218</b>	<b>7 195</b>	<b>-23</b>

### BUSETJINGSMØNSTER

Innbyggjarane i Stryn bur relativt spreidd, i 2017 var det ca. 47 % som budde i tettbygde strøk. I Sogn og Fjordane bur om lag 60 % i tettbygd strøk, medan tala for heile landet er 81 %.

Den delen som bur i tettbygd strøk er aukande for heile landet. I 2005 budde 40 % av innbyggjarane i Stryn kommune i tettbygd strøk, medan i 2017 var tilsvarende tal altså ca. 47 %.






Grafisk framstilling av folketalsutviklinga på skulekrinsnivå for perioden 1990 – 2017 (SSB)

Krinsane Tonningskulekrins og Loen har hatt ein relativ høg vekst i folketalet i heile perioden. Krinsane Storesunde, Oppstryn, Oldedalen, Utvik og Rand har hatt ei negativ utvikling, medan dei andre har vore nokonlunde stabile.


Skulekrinsopplysingane vart svekka då skulekrins vart teken ut av Matrikkelen i 2007. Ein nyttar no grunnkrinsstatistikken som samsvarer godt med skulekrinsinndelinga, men ein må vere merksam på at det kan vere differansar for krinsane Storesunde, Oppstryn og Tonningskulekrins.

## FRAMSKRIVING AV FOLKETALET

Framskriving av folketalet syner SSB sin prognose for middels folketalsutvikling MMMM, som står for Mellomnivå fruktbarheit – Mellomnivå levealder – Mellomnivå mobilitet (innanlands flytting) – Mellomnivå nettoinnvandring. Det er dette alternativet som er mest brukt i planprosessar og av offentlege instansar.




Prognosene syner at Stryn kommune vil i framskrivingsperioden 2018-2040 ha ein befolkningsauke på om lag 600 personar, frå 7195 til 7777. (SSB)



Framskrivningar for ulike aldersgrupper i perioden 2018-2040 for Stryn kommune (SSB)

I framstillinga over kan ein sjå ein folkevekst i Stryn kommune og at den klart største auken finn ein i aldersgruppa 67 år eller eldre. Dette vil gje kommunen utfordringar knytt til dei framtidige helse og omsorgstenestene. I 2016 vart det estimert ein vekst på om lag 1 000 personar fram til 2040, denne er no nedjustert til ca. 600 personar

### 3.2 SYSELSETTING



Endring i sysselsette i Stryn kommune for perioden 2008-2017 (SSB)

Ved å sjå på endringane i sysselsette i perioden 2008-2017 finn ein den største endringa i industriog landbruk med ei reduksjon på over 100 sysselsette på begge næringane. Den største auken i sysselsetting finn ein innafor Helse- og sosialtenester, og det heng fyrst og fremst saman med ein auke i det kommunale velferdstilbodet.


### 3.3 FRAMSKRIVING AV TENESTEBEHOV OG TAL ÅRSVERK

Framskrivningane tek utgangspunkt i tal fra KOSTRA for 2017 og hovudalternativet i Statistisk sentralbyrå sitt befolkningsframskriving frå juni 2018.

I berekningene av talet på tenestemottakarar og arbeidskraftbehov framover er det tatt utgangspunkt i same dekningsgrad og standard på tenestene som i 2017. Det er betydelig usikkerheit knytta til både befolkning, dekningsgrad og standard på lang sikt, og framskrivningane må kun takast som indikasjonar. For mange kommunar har det vore naudsynt å anslå tal tenestemottakarar innanfor aldersgrupper i pleie- og omsorgstenester i 2017 pga. mangefullt datamateriale. Dette bidreg til økt usikkerheit i framskrivningene.


Ein ser i også i denne tabellen at den store utviklinga er i tenester for våre innbyggjarar frå 67 år og oppover.

Antall tjenestemottakere. 2017, 2025 og 2040. Stryn



Når vi vidare ser på framskivninga på tal årsverk, og kva teneste Stryn kommune vil ha størst behov for, er det både på kort og lang sikt innan institusjon og heimeteneste.

### Årsverk. 2017, 2025 og 2040. Stryn



## **4. ØKONOMISK STATUS FOR KOMMUNEN – OG GENERELLE ØKONOMISKE FRAMTIDSVURDERINGER**

I tider med skiftande overordna politiske regimer og ulike sentrale prioriteringar kan det vere utfordrande å skissere presise økonomiske framtidsbilete. Statlege rammevilkår endrar seg – både i høve til økonomiske overføringer og endringar i regelverket som igjen har betydning for kommunen sin økonomi.

Dette er utfordrande både for årsbudsjettet og spesielt for dei vidare åra i økonomiplanperioden. Det som først og fremst gjer den økonomiske langtidsplanlegginga utfordrande er m.a. følgjande:

- Statlege politikk/statlege prioriteringar.
- Økonomiske utslag av kommunereforma.
- Utviklinga i finanssektoren i landet.
- Folketalsutvikling i landet og lokalt.
- Skatteinntektsutvikling i landet og lokalt.

Det er det første året i økonomiplanperioden som er rettsleg bindande (2019). Dei andre åra i perioden er rettleiande, og med ein økonomoplan basert på faste prisar med det første året som basisår, gjev det små moglegheiter for ytterlegare investeringar utover det som skjer i basisåret.

Dei kommunale budsjetta har tradisjonelt vore basert på økonomisk vekst – om enn moderat. Dette har medført at det kjende inntektsnivået har vist ein vekst utover basisåret. Vi ser no at veksten er mindre enn tidlegare. Drifts- og organisasjonsmessige tilpassingar gjeve positive verknader for kommuneøkonomien. Dette har sett kommunen si stand til å oppbere eit årleg investeringsnivå sjølv om dette i liten utstrekning er synleg i økonomiplanen utover år 1. I ein ideell situasjon der dei økonomiske rammevilkåra hadde vore forutsigbare fullt ut, kunne ein utarbeidd komplette 4-årsplanar med stor validitet slik at dei årlege budsjettprosessane kunne bestått av mindre justeringar. Slik er ikkje situasjonen for kommunane.

Stryn kommune har i dag relativt god orden på kommuneøkonomien, men dei statlege overføringane framover er ikkje forutsigbare. Utfordringa framover vil vere å hegne om denne balansen og soliditeten slik at diskusjonane framover kan knytast til positive prioriteringar framfor nedskjeringar og negative prioriteringar. For å kunne lukkast med dette er nøkterne og realistiske budsjett og god budsjettdisiplin grunnleggande. Dette vil sjølvsagt også innebere at sterkt ønskjelege tiltak blir sett «på vent» ut frå tilnærmingane ovanfor. Vi tok grep i 2018 med «Prosjekt 2018» for å sjå på organisasjonen vår, både i forhold til organisering og effektivisering. Resultatet av dette arbeidet er innarbeida i økonomiplanen, og ein ser at vi har betra handlingsrommet vårt økonomisk på bakgrunn av grepene vi har gjort gjennom året og føreslegne tiltak framover.

Endringane i samfunnet elles, samt endringar i statlege rammevilkår, vil bidra til å prege den kommunale drifta framover. Dette vil for kommunen sin del krevje evne til ressurstilpassing, personelltilpassing, strukturtilpassing og fleksibilitet i oppgåveløysinga. Dette vil innebere at både interne og eksterne strukturar vil måtte vurderast og tilpassast den røyndomen som til ei kvar tid er gjeldande.

Samanlikna med fylket og landet elles har Stryn kommune relativt sett låg lånegjeld. Dette inneber at kommunen – i høve fylkes- og landsgjennomsnittet – nyttar meir av driftsbudsjettet til tenesteproduksjon og mindre til finanskostnader. I ei arealmessig stor kommune er dette også naudsynt for å kunne gje innbyggjarane tilnærma likeverdige tenester. Eit positivt element i dette er at Stryn kommune ikkje har bygd opp høg pensjonsgjeld som skal dekkast inn sidan kommunen har

praktisert årleg pensjonsdekning. Dei siste åra har det blitt investert ein god del i Stryn kommune, som til dømes Stryn omsorgssenter og Helsesenteret og dette kjem til syne i avdrag- og rentekostnadane til kommunen.

Kommunen har elles ein desentralisert modell både når det gjeld skulestruktur, omsorgstilbod, bustadfeltutbygging og kommunale vegar. Denne strukturen er tufta på geografi og avstandar og er dyr å drive. Det har samstundes vore brei politisk semje om at tenestetilbodet skal vere likeverdig i alle deler av kommunen – noko som dermed krev at tilstrekkelege ressursar blir stilt til rådvelde.

Det har i dei seinare åra vist seg at rekneskapsresultata har vore positive fordi budsjettdisiplinen har vore god, og at ein del inntektsføresetnader har vist ei meir positiv utvikling enn føresett i budsjettet. Dette har sett kommunen i økonomisk stand til å medverke positivt i ein del offentleg/private utviklingstiltak utover det som følgjer av lov og regelverk. Det er viktig for ei kvar kommune å ha fond av ein viss storleik som set kommunen i stand til å møte uførutsette utfordringar. I motsett fall vil kommunen i liten utstrekning vere i stand til å handtere viktige tiltak som dukkar opp gjennom budsjettåret.

Det blir årleg utarbeidd tertialrapportar i tillegg til årsrekneskap og årsmelding. Gjennom denne dokumentasjonen blir det gjeve eit bilet av den økonomiske situasjonen både gjennom året og for året i sin heilskap. Tertialrapportane skal – om naudsynt – følgjast opp med eigne budsjettreguleringssaker til kommunestyret.

## 4.1 STATSBUDSJETTET 2019

Dette er Fylkesmannen i Sogn og Fjordane sine kommentarar og analyser av Statsbudsjettet 2019. Utkast frå brev til kommunane 8.10.2018:

### Statsbudsjettet 2019 - kommuneøkonomi

I dag presenterer regjeringa framlegg til statsbudsjett for 2019. Fylkesmannen vil her gje eit samandrag som kan vere nyttig for kommunane i samband med budsjettarbeidet i haust.

**Kommunane i fylket får ein vekst i frie inntekter som ligg like under landsgjennomsnittet. Gjennomsnittleg vekst i fylket er 2,8 % medan snittet for landet er 2,9 %. 10 kommunar ligg likt eller over landssnittet, medan 16 kommunar ligg under.**

Vi tek innleiingsvis med endringar i kommuneøkonomien for inneverande år.

### Endringar i år – 2018

- Skatteanslaget er oppjustert med 2,4 mrd. kroner i forhold til det som vart lagt til grunn i revidert
- nasjonalbudsjett (RNB) 2018, fordelt med 2,1 mrd. kroner til kommunane og 300 mill. kroner til fylkeskommunane. Bakgrunnen for oppjusteringa kjem av ekstraordinære store uttak av utbytte til personlege skattytalarar i inntektsåret 2017. Dei ekstra skatteinntektene er av eingongskarakter og blir ikkje vidareførte til 2019.
- Den samla pris- og kostnadsveksten - kommunal deflator – er endra til 3 % for 2018. Dette er ei auke på 0,4 % samanlikna med det som vart lagt til grunn i RNB 2018. Hovudgrunnen til kostnadsveksten er auka straumprisar, som samla utgjer ca. 1,9 mrd. kroner for kommunane. Anslag på lønnsvekst er uendra frå RNB på 2,8 %.

- I 2018 blir det utbetalt over 2,7 mrd. kroner frå Havbruksfondet til i alt 164 kommunar og 10 fylkeskommunar. Dette er om lag 460 mill. kroner meir enn anslag i RNB 2018.

### **Regjeringa sitt framlegg for budsjettåret 2019**

Regjeringa legg opp til ein vekst i kommunesektoren sine samla inntekter i statsbudsjettet for 2019 på om lag 1,9 mrd. kroner. Den låge veksten i samla inntekter må sjåast i samanheng med kommunesektoren sine inntekter frå Havbruksfondet på 2,4 mrd. kroner i RNB 2018.

I kommuneopposisjonen vart det lagt opp til ein vekst i frie inntekter på mellom 2,6 – 3,2 mrd. kroner for kommunesektoren for 2019. I statsbudsjettet blir det no føreslege ein vekst på 2,6 mrd. kroner. Dette tilsvrar ein realvekst på 0,7 % rekna ut frå anslag på inntektsnivå i RNB 2018. Heile veksten i frie inntekter vert fordelt til kommunane i 2019. Dei ekstra skatteinntektene nemnde ovanfor for 2018, inngår ikkje i grunnlaget for berekning av vekst i 2019.

Veksttala frå 2018 til 2019 varierer mellom kommunane (sjå tabell og grafisk framstilling).

Generelt er at følgjande punkt påverkar kommunane ulikt:

- endringar i inntektssystemet
- endringar i folketallet og alderssamansetjinga
- endringar i regionalpolitiske tilskot
- endring i tildelte skjønsmidlar
- endra kriteriedata
- endringar på skatt (skattedel og inntektsutjamninga)

I budsjettet for 2019 kan kommunane ta utgangspunkt i prognosene for frie inntekter, men må sjølve justere for lokale tilhøve. For 2019 gjeld folketal per 1. juli 2018 for innbyggjartilskotet (inkludert inntektsgarantitilskotet) og kriteria som går på aldersgrupper i utgiftsutjamninga. Andre kriteriedata er frå 1. januar 2018. Oppdatering av folketal i inntektsutjamninga blir vidareført med teljedato 1. januar i budsjettåret.


Tabell for overslag på nominell vekst i frie inntekter i 2019 for kommunane:

Kommune	Anslag på frie inntekter 2018	Anslag på oppgåve- korrigert e frie inntekter 2018	Anslag på frie inntekter 2019	Anslag på oppgåve- korrigert vekst 2018- 2019	Anslag vekst rekneskap 2018-2019
1401 Flora	677 413	677 814	693 565	15 751	2,3
1411 Gulen	168 263	168 351	171 748	3 397	2,0
1412 Solund	69 370	69 399	70 286	887	1,3
1413 Hyllestad	99 460	99 507	100 523	1 016	1,0
1416 Høyanger	255 721	255 881	260 652	4 771	1,9
1417 Vik	179 841	179 956	185 178	5 222	2,9
1418 Balestrand	95 310	95 372	102 660	7 288	7,6
1419 Leikanger	143 731	143 818	146 732	2 914	2,0
1420 Sogndal	427 757	428 049	442 306	14 256	3,3
1421 Aurland	121 454	121 533	123 639	2 106	1,7
1422 Lærdal	140 177	140 249	143 542	3 293	2,3
1424 Årdal	309 738	309 903	318 328	8 425	2,7
1426 Luster	320 362	320 605	331 299	10 695	3,3
1428 Askvoll	199 860	199 996	206 329	6 333	3,2
1429 Fjaler	201 150	201 258	203 970	2 712	1,3
1430 Gauldalskommune	198 102	198 235	202 772	4 538	2,3
1431 Jølster	193 888	194 018	199 109	5 091	2,6

1432 Førde	722 140	722 627	744 153	21 526	3,0
1433 Naustdal	184 241	184 337	189 659	5 321	2,9
1438 Bremanger	257 526	257 656	262 018	4 362	1,7
1439 Vågsøy	356 648	356 865	366 541	9 676	2,7
1441 Selje	177 291	177 704	186 429	8 726	4,9
1443 Eid	350 967	351 228	366 092	14 864	4,2
1444 Hornindal	84 194	84 223	85 482	1 259	1,5
1445 Gloppen	368 311	368 567	381 318	12 750	3,5
<b>1449 Stryn</b>	<b>427 611</b>	<b>427 880</b>	<b>436 254</b>	<b>8 374</b>	<b>2,0</b>
<i>Fordelast</i>	<i>6 100</i>	<i>6 100</i>	<i>10 500</i>		
<i>gjennom året</i>					
<b>Sogn og Fjordane</b>	<b>6 736 625</b>	<b>6 741 132</b>	<b>6 931 084</b>	<b>189 952</b>	<b>2,8</b>

Grafisk framstilling av tabellen ovanfor, prosentvis nominell vekst i frie inntekter. Lønns- og prisauke (deflator) er markert på 2,8 %.

### Nominell prosentvis vekst i frie inntekter 2019 rekna frå anslag rekneskap 2018



### Pris- og kostnadsvekst på kommunal tenesteyting

Ved utrekning av realvekst i kommunesektoren sine inntekter i 2019, er det lagt til grunn ein pris- og lønnsvekst i kommunal sektor på 2,8 prosent. Dette byggjer bl.a. på eit lønnsvekstanslag på 3,25 prosent i 2019.

### Skattøyre

Skattøyren skal fastsetjast ut frå ei målsetjing om at skatteinntektene for kommunane skal utgjere 40 prosent av dei samla inntektene i 2019. Den kommunale skattøyren vert derfor redusert med 0,25 prosentpoeng til 11,55 prosent.

### Folketalsvekst og pensjon

Veksten i dei frie inntektene må sjåast i samanheng med auka utgifter for kommunesektoren knytt til folketalsutvikling og pensjonsutgifter. Meirutgifter som følgje av folketalsvekst og endring i alderssamansetjing (demografi) er berekna til 1,6 mrd. kroner, og meirutgifter til pensjon omlag 500 mill. kroner for kommunane. Dette må dekkast inn med veksten i dei frie inntektene.

## **Andre punkt i kommuneøkonomien 2019**

Følgjande satsingar og tiltak er medrekna innanfor veksten i frie inntekter:

- 200 mill. kroner er lagt inn til ytterligare styrking av kommunale tenester til rusavhengige
- 200 mill. kroner er lagt inn til styrking av arbeidet med tidleg innsats i skulen
- 100 mill. kroner av veksten er lagt inn til opptrapplingsplan for habilitering og rehabilitering.

Hovudsatsingane ovanfor utgjer omlag 500 mill. kroner. Dette betyr at handlingsrommet etter demografiutgifter (1,6 mrd.), pensjon (0,5 mrd.) og satsingar (0,5 mrd.) er uendra frå 2018. Men regjeringa viser til at satsingane som ligg i frie inntekter må kommunane tilpasse etter eigne behov, og at ein bør setje effektiviseringskrav til eiga verksemd.

## **I tillegg til satsinga på områda ovanfor, er det i 2019 følgjande endringar i inntektssystemet og andre satsingar:**

- Regionalpolitiske tilskot skal prisjusteras (med unntak av regionsentertilskotet)
- Ved fordeling av distriktstilskot Sør-Noreg brukar ein den «gamle» distriktsindeksen oppdatert for 2017-tal.
- Grensa for å få veksttilskot er uendra, gjennomsnittleg folketalsvekst for dei siste tre åra på 1,4 %. Det er berre Sogndal kommune som får veksttilskot i vårt fylke i 2019.
- Eigedomsskatt på produksjonsutstyr og -installasjonar skal avviklast frå og med 2019. Avviklinga skal skje gradvis over 7 år. Kommunane vil bli kompensert for inntektsbortfallet med 71 mill. kroner i 2019. (Samla kompensasjon over 7 år vil utgjere opptil 500 mill. kroner.) Kommunane må no retaksere dei berørte anlegga. I 2018 vil dei få 72,5 mill. kroner i kompensasjon for kostnadene dette medfører. Regjeringa kjem tilbake med omtale av korleis retakseringa vil slå ut for enkeltkommunar i revidert nasjonalbudsjett for 2019.

## **Skjønnstilskot 2019.**

Det totale skjønnstilskotet er føreslege til 1 619 mill. kroner for 2019. Dette er ein nedgang på om lag 196 mill. kroner frå 2018. Av det totale skjønnstilskotet går 1 237 mill. kroner til kommunane og 382 mill. kroner til fylkeskommunane. For meir informasjon om fordeling til kommunane viser vi til eigen artikkel under statsbudsjettet 2019 på vår heimeside.

## **Helse og omsorg**

Investeringstilskot til heildøgns omsorgsplassar:

Det er føreslege investeringstilskot til om lag 1 500 heildøgns omsorgsplassar i 2019. Det blir sett av 130 mill. kroner og ei samla tilsagnsramme på 2 612,6 mill. kroner. 50 % av tilsegnssamma skal i 2019 gå til netto tilvekst.

## **Dagaktivitetstilbod for personar med demens:**

Det er eit mål å byggje ut tenestetilboden før kommunane pliktar å tilby dagaktivitetstilbod til heimebuande personar med demens frå 1. januar 2020. Det blir derfor føreslege å løyve 50 mill. kroner for å legge til rette for oppretting av 450 nye plassar i 2019.

## **Fastlegar i kommunane:**

Det vert lagt opp til å bevilga 25 mill. kroner til å styrke rekrutteringa til og stabiliteten i allmennlegetenesta. Samla vil satsinga utgjere 39 mill. kroner i 2019.

## **Psykologar i kommunane:**

Frå 1. januar 2020 er et lovfesta at alle kommunar skal ha psykologkompetanse. For 2019 vert det føreslege å setje av 50 mill. kroner, tilsvarande 125 nye psykologar, til denne satsinga.

#### **Innlemming av bustadsosiale tilskot:**

8,9 mill. kroner vert lagt inn som tilskot til bustadsosialt arbeid, og 15,6 mill. kroner til bustadsosialt kompetansetilskot.

#### **Utskrivingsklare pasientar - rus og psykisk helse:**

Det skal innførast betalingsplikt for utskrivingsklare pasientar i psykisk helsevern 2019. Det blir derfor føreslege å flytte 185 mill. kroner frå regionale helseføretak til kommuneramma.

#### **Opptrappingsplan for rusfeltet:**

Det blir føreslege å bruke 281 mill. kroner til opptrappingsplan for rusfeltet. 200 mill. kroner gjennom styrking av kommunanane frie inntekter og 81 mill. kroner gjennom ein tverrdepartemental oppfølging av opptrappingsplanen.

#### **Opptrappingsplan for habilitering og rehabilitering:**

Regjeringa føreslår 100 mill. kroner til opptrappingsplanen for habilitering og rehabilitering som ein del av kommunane sine frie inntekter.

#### **Ressurskrevjande tenester:**

- Innslagspunktet vert auka til 1 320 000 kroner, ei auke med 50 000 kroner ut over lønnsvekst
- Uendra kompensasjonsgrad på 80 prosent.
- Sterk vekst i tal mottakarar og utgifter sidan ordninga blei innført i 2004.

#### **Barnehage og skule**

- Regjeringa føresler å utvide dagens ordning med gratis kjernetid for 3-, 4- og 5-åringar, til også å omfatte 2-åringar. 45,7 mill. kroner vert lagt inn i ramma til dette.
- Det vert føreslege 10 mill. kroner til opprettning av nye studieplassar for barnehagelærarar.
- Maksimal foreldrebeting aukar med 50 kr per månad frå 1. august 2019.
- Lærarnorma blir vidareført, og 200 mill. kroner av veksten i dei frie midlane til kommunane blir begrunna med ei særskilt satsing på tidleg innsats i skulen, og 37 mill. kroner til fleire lærarspesialistar i grunnskulen.

#### **Kommunereforma:**

Frå januar 2020 får vi 356 kommunar i landet. Framleis har nesten halvparten av kommunane under 5 000 innbyggjarar, og over 120 kommunar vil framleis ha under 3 000 innbyggjarar.

Kommunereforma vil derfor halde fram og Fylkesmannen skal framleis ha ei sentral rolle i reforma.

- Eingongskostnader og reformstøtte blir slått saman til eit nytt eingongstilskot som skal utbetala ved nasjonalt vedtak om samanslåing.
- Minstesats for to kommunar som slår seg saman, med under 15 000 innbyggjarar, er 25 mill. kroner.
- Inndelingstilskot og tilskot til informasjon og folkehøyringar blir vidareført.
- Det blir ikkje sett tidsfristar for vedtak om samanslåingar. Departementet vil følge opp fortløpande.

#### **Andre satsingar:**

Regionreforma gjer til at det blir 11 fylke frå 1. januar 2020. Stortingsmelding om nye oppgåver vert lagt fram 19. oktober i år.

Innovasjon og digitalisering er satsingsområde framover for å utvikle gode kommunale løysingar. Det er føreslege løyvd totalt 1,7 mrd. kroner til nye IT- og digitaliseringstiltak i 2019.

#### **STATSBUDSJETTET 2019 – VERKNADER FOR STRYN KOMMUNE**

Verknad av statsbudsjett er innarbeida i budsjettet og forklart nærmare i dette dokumentet og i vedlegg.



## 5. KOMMUNEN SINE INNTEKTER

### FRIE INNTEKTER

Frie inntekter består av rammetilskot, skatteinntekter (frå private og føretak), eigedomsskatt og andre statelege tilskot som ikkje er øyremerka. Dette samla er hovudinntektskjelda for driftsrammene. Det overordna føremålet med inntektssystemet er å jamne ut kommunane sine føresetnader for å gi eit likeverdig tenestetilbod til innbyggjarane sine.

### Distriktstilskot

Distriktstilskudd Sør-Norge blir gitt til kommunar i Sør-Norge med særskilte distriktsutfordringar.

Distriktsindeksen målar grada av distriktsutfordringar i ei kommune og består av ulike indikatorer som målar forskjeller i geografi, demografi, arbeidsmarknad og levekår.

For å kvalifisere for distriktstilskudd Sør-Norge må kommunen ha hatt gjennomsnittleg skatteinntekt dei siste tre åra som er lågare enn 120 prosent av landsgjennomsnittet, ha under 3 200 innbyggere eller en distriktsindeks på 46 eller lågare. Frå 2019 vil distriktsindeksen til Stryn kommune kome over 46. Kommunen mister difor distriktstilskot på ca kr. 5.500.000,- på bakgrunn av høg skatteinntekt dei siste åra. Det er positivt at Stryn har auka skatteinntekter, men ein ser at dette påverkar rammetilskotet vi får overført, og i utgangspunktet ville dette føre til at kommunen sine inntekter ville blir redusert tilsavrande distriktstilskotet. Når vi fekk tilsendt statsbudsjettet ser vi at vi får overført pengar gjennom inntektsgarantiordninga (INGAR).

### Inntektsgarantiordninga (INGAR)

Endringar i kriteriedata, befolkningsnedgang og systemendringar i inntektssystemet kan for enkeltkommuner føre til brå nedgang i rammetilskotet frå eit år til det neste.

Inntektsgarantiordningen (INGAR) skal skjerme kommunane mot slike endringar.

Ordningen er utforma slik at ingen kommune skal ha ein vekst i rammetilskotet fra eit år til det neste som er lågare enn 400 kroner under veksten på landsbasis, målt i kroner per innbygger.

Ordningen finansierast ved eit likt trekk per innbyggjar i alle kommuner i landet.

Endringar som omfattast av inntektsgarantiordninga er strukturelle endringar i inntektssystemet, innlemming av øyremerka tilskot, endringar i befolkningstaal og kriteriedata, og endringar i regionalpolitiske tilskot.

Endringa i skjønnstilskotet, veksttilskotet og i skatteinntektene eller skatteutjevninga inngår ikkje i berekningsgrunnlaget for inntektsgarantiordninga.

Veksten i rammetilskotet fra 2018 til 2019 er på landsbasis 1 115 kroner per innbygger. Dette inneber at kommunar som har ein vekst i rammetilskotet som er lågare enn 715 kroner per innbyggjar, vil bli kompensert opp til denne vekstgrensa.

Stryn kommune si vekst i rammetilskotet fra 2018 til 2019 er 195 kroner per innbyggjar, og kommunen får difor 520 kroner per innbyggjar gjennom inntektsgarantiordninga.

Alle kommuner er med på å finansiere inntektsgarantiordninga og blir trukket med eit likt beløp per innbyggjar i innbyggartilskotet. For 2019 er trekket på -53 kroner per innbyggjar.



Inntektsgarantiordningen til Stryn kommune	
Inntektsgarantiordningen per innbygger	520 kr
Finansiering per innbygger	-53 kr
Inntektsgarantiordningen, inkl. finansiering per innbygger	467 kr
Inntektsgarantiordningen, inkl. finansiering totalt	467 kr × 7 226 innbyggere = 3 375 000 kr

## KOMMUNEREFORM

Prosessen rundt kommunereforma vart formelt avslutta pr. 30.06.2016. På det tidspunktet var det klart at grensene til Stryn kommune ville bli verande uendra.

Kommunar som betraktar seg som «ufrivilleg åleine» fått kompenasjon for dette i form av skjønnnsmidlar i 2017 og 2018. Stryn kommune kjem i denne kategorien sidan kommunen hadde ynskje om samanslåing med annan kommune som valde å sjå i anna retning. Stryn kommune får skjønnnsmidlar på ca. kr. 800.000,- for 2017 og 2018 som «ufrivillig aleine». Dette er ikkje vidareført frå 2019.

## 5.1 SKATT OG RAMMETILSKOT

I tabellen ser ein utvikling i skatt og rammetilskot frå 2014 til 2019:

(tall i heile 1000 kr)	Rekneskap					Budsjett
	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Skatt	151.200	163.009	178.833	186.230	185.517	201.292
Rammetilskot	224.141	226.597	227.997	235.427	241.164	235.632
<b>Sum frie inntekter</b>	<b>375.341</b>	<b>386.739</b>	<b>406.830</b>	<b>421.657</b>	<b>426.681</b>	<b>436.924</b>
Nominell vekst (kr)	12.490	11.398	20.091	14.824	5.024	10.243
Nominell vekst (%)	3,7 %	3,0%	5,1 %	3,6 %	1,2 %	2,3 %*)

\*)NB: Vi ser også at budsjettet for 2018 ligg ca 1. mill under det staten sine berekningar på inntektene våre for 2018, og difor ser veksten frå 2018 til 2019 høgare ut.

Det er ein vekst i frie inntekter i denne perioden. Den nominelle veksten skal dekke løns- og prisstigninga, samt nye lovpålagde tiltak i tillegg til folketalsvekst og generell auke i frie inntekter. Orsaka til at vi har budsjettert med lågare rammetilskot og høgare skatteinntekter i 2019, er at vi gjennom åra, ved rekneskapsavslutning, ser at vi har høgare skatteinntekter enn vi har budsjettert. Når vi får høgare skatteinntekter, blir rammetilskotet redusert, ikkje kr. for kr., men ein viss del. Høgare skatteinntekter er også orsaka til at Stryn kommune mista distriktstilskotet frå 2019.

Kommunens samla inntekter frå rammetilskotet blir berekna gjennom kriteria i inntektssystemet som i utgangspunktet er oppbygt som eit objektivt system. Summen som skal fordelast blir fastlagt på førehand, og deretter blir inntektssystemet nytta som eit fordelingssystem. Til dømes vil folketilvekst i landet innebere inntektstap for ein kommune som får mindre tilvekst enn landsgjennomsnittet. Sjølv om folketalet i Stryn kommune aukar, representerer denne auken ein mindre folketilvekst enn gjennomsnittet i landet – og følgjeleg går rammeoverføringane ned ut frå folketalskriteriet – som eitt

døme. Ut frå ei litt snever tilnærming kan ein seie at det er folketalet som tel og i mindre utstrekning om dei betalar skatt eller ikkje når det gjeld overføring av skattekroner til kommunen.

## 5.2 EIGEDOMSSKATT

Stryn kommune skriv ut egedomsskatt på all egedom i heile kommunen (eigedomsskattelova § 2 og § 3a). I økonomiplanen er det lagt til grunn ein skattesats på 2,7 %.

Taksten er fastsett ved hjelp av fem hovudelement: Takstgrunnlag, sjablongverdiar på egedom og bygg, sonefaktorar, skjønnnsfaktorar (ytre og indre faktor), eventuelle justeringar på takst der dette har vore naudsynt (korreksjonsprotokoll).

Egedomsskatten vert betalt i to terminar (april og oktober).

Egedomar etter § 5 i eigedomsskattelova er friteke for egedomsskatt, dette gjeld mellom anna egedom som Staten eller kommunen eig. Kommunestyret kan i tillegg frita nokre egedomar etter § 7, dette kan til dømes vere egedom åt stiftingar som tek sikte på å gagne kommunen eller bygningar som har historisk verdi.

Vedtak om egedomsskattesatsen må gjerast årleg av kommunestyret.

Det er forventa ei auke i tal egedommar i Stryn kommune frå 2018-2019 som gjer at budsjettet aukar. Det er forventa ei ytterlegare auke frå år 2020, men dette er ikkje lagt inn.

Egedomsskatt (tall i heile 1000 kr)	Rekneskap 2017	Budsjett					
		2017	2018	2019	2020	2021	2022
Bustad og fritidseigedom	7.317	7.200	10.900	11.941	11.941	11.941	11.941
Næringseigedommar	2.053	2.100	3.100	3.706	3.706	3.706	3.706
«Verk og bruk»	1.889	1.935	2.900	2.000	2.000	2.000	2.000
<b>Sum</b>	<b>11.259</b>	<b>11.235</b>	<b>16.900</b>	<b>17.647</b>	<b>17.647</b>	<b>17.647</b>	<b>17.647</b>

## 5.3 MOMSKOMPENSASJON

Frå og med 2014 skal all mva-kompensasjon frå investeringar inntektsførast på kvart einskilt investeringsprosjekt. For driftsrekneskapen betyr det at frå og med 2014 skal vi ikkje budsjettere med mva-kompenasjonen frå investeringar.

## 5.4 RENTEKOMPENSASJON FOR INVESTERINGAR

Rentekompenasjon gjeld for følgjande ordningar:

### Skule

6-årsreforma i grunnskulen frå 1997 (Reform 97). Reforma førte til behov for opprusting av skular. Det var også innført ei rentekompenasjonsordning for opprusting av skuleanlegg. Ny ramme for denne inngjekk i statsbudsjettet for 2012.

## Omsorgsbustader

Investeringar knytt til sjukeheimspllassar og omsorgsbustader.

## Kyrkjer

Det var oppretta ny investeringsramme i 2009 for å setje i stand kyrkjebygg. Skal gå til sikring og bevaring av kyrkjebygg, utsmykkingar i kyrkja og inventar.

	Budsjett				
	2018	2019	2020	2021	2022
Refusjons 6-årsreforma	393.600	311.000	311.000	311.000	311.000
Kompensasjonstilskot opprusting skular	656.000	400.000	390.000	380.000	370.000
Kompensasjonstilskot omsorgsbustadar	1.313.400	1.279.700	1.262.800	1.245.900	1.229.000
Kompensasjonstilskot kyrkjer	33.800	33.800	33.800	33.800	33.800
<b>Sum</b>	<b>2.396.800</b>	<b>2.025.700</b>	<b>1.998.800</b>	<b>1.971.900</b>	<b>1.945.000</b>

## **5.5 ØYREMERKA TILSKOT**

Dei øyremerkte tilskota er i dag først og fremst knytt til serskilde tidsavgrensa prosjekt – og ikkje til løypande drift. Slike prosjektområder er som oftast knytt til tiltak for å gjennomføre statlege satsingar – og dei statlege øyremerkta tilskota skal motivere kommunane for at den statlege satsinga skal gjennomførast. Tilskotsfinansieringa er som hovudregel tidsavgrensa med forventningar til kommunane om og vidareføre prosjekta inn i ordinær kommunal drift. Hovudmålet med å gje øyremerkte midlar er å få eit anna resultat enn dersom løvinga kjem som rammetilskot, og å bidra til at nasjonale mål om omfang og kvalitet innan ein einskild sektor blir nådd.

Når det gjeld øyremarka statstilskot til spesielle formål, er omfanget av slike vesentleg redusert dei seinare åra – og dei aller fleste er innlemma i inntektssystemet.

### **Dei øyremerkta tilskota vi har pr. i dag er:**

#### Flyktningtilskot:

Kommunen får eit intergreringstilskot som generelt statstilskot for kvar flyktning eller asylsøkjar som kommunen buset. Tilskotet er høgast pr. flyktning det første året og vert gradvis trappa ned over ein 5-års periode. Vi ser at på bakgrunn av lågare tal busettingar av flyktingar i kommunen, får vi lågare tilskot. Dette vil medføre at vi i takt med reduserte inntekter må jobbe med å få ned kostnadane, då behovet for tenestene ikkje vil vere like store utover i økonomiplanperioden.

#### Refusjon ressurskrevjande tenester:

Kommunen får refusjon frå staten for ressurskrevjande tenester som er ytt til enkeltpersonar.

Regjeringa føreslår å stramma inn toppfinansieringsordninga for ressurskrevjande brukarar ved å auka innslagspunktet til 1.320.000 kroner, ei auke med 50 000 kroner ut over lønnsvekst. For 2018 er innslagspunktet kr. 1.235.000. Kompensasjonsgraden på 80% er føreslått uendra. Auke i innslagspunktet lagt over auke i prisstigning, medfører vesentleg reduksjon i tilskotet.

#### Kommunalt næringsfond:

Stryn kommune får årleg tilført midlar frå KRD via Sogn og Fjordane fylkeskommune som skal nyttast til næringsutvikling. Midlane kan ikkje nyttast til kommunal drift, men skal betalast ut primært som stønad i samband med etablering og vidareutvikling av verksemder. Bruken av midlar blir kvart år rapportert både til KRD, næringsavdelinga i fylkeskommunen og formannskapet.

Næringsfond	Rekneskap 2017	Budsjett 2018	ØPL 2019-2022
	347.500	666.300	550.000

## 5.6 SJØLVKOST

Kommunar skal fastsetje gebyra for dei kommunale tenestane i samsvar med sjølvkostprinsippet. Det vil sei summen av samtlige kostnader ved tilverkinga av eit produkt fram til det er levert. Ved eventuelt for mykje/for lite innkrevd gebyr skal det settast av/brukast av øyremerka fond, VA-fond. Grunnlaget for avgiftsnivået er eit eige avgiftsrekneskap som skal ligge til grunn for avgjerdene.

Tabellen nedanfor viser berekna inntektsnivået på kommunale gebyr for å finansiere tenestene til sjølvkost i økonomiplanperioden:

Sjølvkostområde	Rekneskap	Budsjett				
(tall i heile 1000 kr)	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Vatn - sjølvkost	7.305	7.276	8.503	9.303	10.103	11.403
Avløp - sjølvkost	6.649	6.474	8.213	8.513	8.713	8.813
Feiing - sjølvkost	1.200	1.189	1.163	1.163	1.163	1.163
Slam - sjølvkost	3.893	3.955	4.112	4.112	4.112	4.112
Kart - sjølvkost	1.445	1.015	1.318	1.318	1.318	1.318
Avfallshandsaming - sjølvkost	51	52	51	51	51	51

Renovasjon vert drive gjennom eit interkommunalt samarbeid saman med fem andre kommunar i Nordfjord - Nordfjord Miljøverk (NOMIL) IKS. Det er Gloppen som er vertskommune. Selskapet har sjølvstendig rekneskap som ikkje inngår i Stryn kommune sitt drifts- og investeringsselskap. NoMil fakturerer kundane direkte. Tilleggsgebyret som ligg under Avfallshandsaming-sjølvkost er knytt til utgifter og etterbrukskrav for Åsane Avfallslass.

Det er vedteke 100 % dekninga av kostnadane ved desse tenestane. Sjølv om ordningane er sjølvfinansierande er det ei oppgåve for kommunen å levere desse tenestene så rimeleg som råd. I det ligg også at ei kvar utbygging må bli vurdert også ut frå omsynet til kva den vil gi som konsekvens for gebyret for innbyggjarane i Stryn kommune og kva nytte ein vil få av utbygginga.

Det er viktig at seksjon for communalteknikk/teknisk utval utarbeider ein mål- og strategiplan for vatn og kloakk, der trangen for løvning til utbygging og rehabilitering vert sett i samanheng med økonomien i drifta og den ønskete kvaliteten på tenesta. Gebyrnivået er ein del av dette. Det er viktig at seksjon for communalteknikk/teknisk utval utarbeider ein mål- og strategiplan for vatn og kloakk, der trangen for løvning til utbygging og rehabilitering vert sett i samanheng med økonomien i drifta og den ønskete kvaliteten på tenesta. Gebyrnivået er ein del av dette. Ein ser at det framover, også utover denne økonomoplan perioden, er stort behov for oppgraderingar på gamle anlegg og investeringar i nye anlegg. Dette vil påverke gebyrnivået.

## 5.7 KOMMUNALE GEBYR

Det er kommunestyret som kvart år gjer vedtak om betalingssats for kommunale gebyr.

## **5.8 HUSLEIGE**

### **I KOMMUNALE INDUSTRIBYGG**

Kommunen har 3 kommunale industribygg med husleigeinntekter.

- Industribygg III
- Verkstadbygget
- Utstillingsplassen

Husleigesatsen er regulert ved individuelle avtalar.

### **I KOMMUNALE UTLEIGEBUSTADAR**

Nokre bueingar for sosiale føremål er omdisponerte til personalbustader. Status for disponering ved utgangen av 2018:

- 49 omsorgsbustader med heil døgns tenester
- 67 bueiningar til trygde- og omsorgsføremål
- 51 bueiningar til sosiale føremål
- 11 bueiningar til personale

I tillegg disponerer kommunen ein bustad på framleige og 11 omsorgsbustader som er i privat eige (der kommunen må godkjenne at nye kjøparar er i målgruppa).

Nokre bustader ligg i Innvik og Olden, medan dei aller fleste er i Stryn sentrum.

Budsjetterte inntekter:(tall i heile 1000 kr)	<b>2018</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>
Totale husleigeinntekter	13.394	13.309	13.309	13.309	13.309

Leigesatsen vert fastsett årleg gjennom kommunestyrevedtak.

Husleigeinntektene er i budsjettforslaget ikkje framskrevet. Årsaka til dette er omsyn til den stadig forverra økonomiske situasjonen til personar på trygdeytingar. Sjå meir om dette under innspel frå Helse og sosial.

## 5.9 AKSJER

### AKSJEUTBYTTE:

Stryn kommune har aksjar i føljande selskap:

Selskapets namn	Bokført verdi	Eigardel
INTERKOMMUNALE SELSKAP		
Alarmsentralen i Sogn og Fjordane IKS	184.611	6,52 %
Nordfjord Miljøverk IKS	6.622.747	21,70 %
Nordfjord Havn IKS	13.060.411	13,00 %

AKSJESELSKAP		
Breimsbygda Skisenter AS	225.000	17,33 %
Firda Billag AS	651.000	6,51 %
Hoven Loen AS	16.500.000	12,33 %
Innvik Næringspark AS	5.000.000	49,02 %
InVia AS	97.700	13,41 %
Muritunet AS	10.000	0,07 %
Storfjordsambandet AS	15.000	9,93 %
Stryn Energi AS	43.023.504	100,00 %
Visit Nordfjord AS	134.974	11,88 %
Visnes Industripark AS	4.900.000	49,00 %

Samla bokført aksje- og andelsportefølje i selskap og stiftingar ved rekneskapsavslutning 2017 var 84.082.695,-.

I august 2017 tok Stryn kommune over Strynehallen SA og samla bokført aksje- og andelsportefølje blir som følgje av dette redusert med kr. 4.600.000,-.

Aksjekapitalen i Hoven Loen AS vart i 2016 auka frå kr. 12.500.000,- til kr. 16.500.000,-, etter vedtak i Kommunestyret 19.05.2016, KS-038/16. Utbytte til Stryn kommune for 2017 kr. 825.000,-, utbetalt i 2018.

I 2013 blei aksjeandelen i Innvik Næringspark auke med kr. 800.000,-. Etter pkt. 2 i vedtaket ovanfor er det føresett ei tilbakekjøpsavtale som forpliktar seljaren om å kjøpe tilbake aksjar tilsvarende det som no blir selt innan 5 år. Innvik Holding AS ønska å kjøpe tilbake aksjane til pålydande, i samsvar med tilbakekjøpsavtalen (KS 35/18 15.05.2018). Innbetaling kr. 800.000,-, vart ført tilbake på kapitalfond, og ny aksjeandel til Stryn kommune er kr. 4.200.000,-.

Næringsparkane: Ein del av Stryn kommune sin virkemidel til vår næringspolitikk. Medeigar i kommersiell verksemeld som skal dekke aktørane sine behov for forretning/industrilokale. Avkastningane i desse investeringane blir bestemt av dei styrande organ i selskapa, og av verksemldene sine evne til å betale husleige for å vere i lokal. Ingen direkte påverking på avkastningskrava som kan stillast.

Det er ikkje alle kommunale eigarskap som gjev utbytte, men i dei høve utbytte blir utbetalt, skal slike midlar i prinsippet tilbakeførast til finansieringskjelda som i hovudsak er fond. Jfr. tidlegare vedtak om bruk av kraftfonda i Stryn. Tilføre fonda det som er prisstigninga for å behalde realverdien i

fonda. Overskytande skal gå til 1. Firdafondet (fritt disponibelt fond) 2. kompensasjonsfond (bunde næringsfond)

Aksjeutbytte i perioden 2015-2017 og budsjett 2018-2022:

	Rekneskap			Budsjett	
	2015	2016	2017	2018	ØPL 19-22
Utbytte frå selskap	63.053	1.632.528	1.619.095	3.000.000	3.000.000

## 5.10 FOND

For ein meir detaljert oversikt over kommunen sine fond vises det til rekneskapet, der dette blir oppdatert årleg.

**VA-fond** (bundet driftsfond). Desse fonda er som nemnt tidlegare enten for mykje eller for lite innbetalt gebyr på sjølvkostområda. Utviklinga her viser at det har blitt betalt inn for mykje på Vatn, Kloakk og Feiring. Når det gjeld Slam er årsaka til variasjonen i behaldninga at det blir tomt anna kvart og, men innkrevd kvart år og dermed «oppsparte midlar» til året etter. Likevel ser vi at her er det for lite innbetalt. Utviklingane og behaldninga i fonda er noko som må takast omsyn til når ein sett gebyrnivået vidare.

**Fritt disposisjonsfond:** Fritt disposisjonsfond er pengar kommunen har satt av, men som ikkje er knytt til noko bestemt formål. Underordna organ kan ikkje foreta avsetningar til eller bruk av disposisjonsfondet utover det kommunestyret sjølv har bestemt.

Dei siste åra har delar av mindreforbruket ved rekneskapsavslutning blitt satt av til fritt disposisjonsfond.

Gjennom året blir vedteke bruk av fritt disposisjonsfond, som ikkje blir utbetalt med ein gang. Rekneskapstala til disposisjonsfondet vil ikkje vise det reelle talet, då det er ført når eit vedteke beløp blir utbetalt at det går inn i rekneskapen.

Tabellen under visar oppsummering av bruk og avsetningar til disposisjonsfond:

	2018 (pr. 3.11.18)	2017	2016	2015	2014
Disponibelt pr. 1.1	19.794.609				
Disponering av rekneskapsmessig mindreforbruk året før	6.337.494				
Vedtatt brukt i løpet av året	1.102.500				
Disponibelt utgang av perioden	25.029.603	19.794.609	11.760.220	1.016.966	5.923.699

Det vil si at pr. 03.11.2018 er det disponibelt ca. kr. 25.000.000,- på fritt disposisjonsfond. I framlegg til budsjett 2018 og økonomiplan 2018-2021 er det lagt ikkje lagt inn bruk av fritt disposisjonsfond. Dette er ein berekraftig utvikling for kommunen og ikkje tære på reservane, men kunne opparbeide kapital. Dei siste åra har vi kunne bygd opp disposisjonsfondet, men det har vore på grunn av rekneskapsmessig mindreforbruk, og ser ein på terialrapporten for 2. tertial 2018 kan vi ikkje rekne med same mindreforbruk framover.

## **6. KOMMUNEN SINE UTGIFTER**

### **6.1 RENTER**

Rentenivået har vore stabilt lågt dei siste åra. Det er liten grunn til å tru at renta vil bli særleg lågare. I følje signal i marknaden vil renta auke dei kommande åra.

I budsjettet for 2018 var det rekna med ei lånerente på 1,8 %. For 2019 legg vi til grunn ei rente på 2,1 %. Dette er i tråd med føringane frå kommunalbanken. Vi legg til grunn at renta vil halde seg på om lag same nivå i økonomiplanperioden. Det er likevel grunn til å merke seg at fleire fagmiljø meiner at rentebanan vil vere stigande utover i økonomiplanperioden. Rentemarginen dette gir i høve rentenivået per dato er ei sikring administrasjonen meiner er naudsynt i høve det at kommunen si lånegjeld aukar mykje som følgje av store investeringar. Med ein auke i rentenivået på 1 %-eining vil kommunen sine årlege renteutgifter auke med omlag 5,5 mill. kr.

For nye tiltak er det rekna ei rente på 2,1 %.

Så godt som alle lån kommunen har er lån med kort rentebinding. I ein fallande rentemarknad er dette ein god strategi, og kommunen sparar renter i høve ein strategi med spreiing av låna på kort, mellomlang og lang rentebinding. Når renta stig vil all renteauke belaste drifta direkte.

Frå kreditteinstitusjonane vert det rådd til at låntakarane bør dele lånemassen i 3, og ha ein del med kort rentebinding (NIBOR 1 eller 3 mnd.), ein del med mellomlang rentebinding (3-5 år), og ein del med lang rentebinding (10 år). Det blir altså rådd til å bruke driftsmidlar for å sikre at drifta ikkje blir fullt ut eksponert overfor svingingar i renta. Dette er ein "forsikringspremie" som kommunen kan løyse på ein alternativ måte.

For å sikre at endringar i rentenivået ikkje får direkte utslag i drifta vert det lagt opp til å nytte ei planrente som gjenspeglar renta over tid. Det hadde vore ønskjeleg at differansen mellom faktisk betalt rente og planrenta vart sett av til eit rentesikringsfond. Dette burde gjerast til rentesikringsfondet når ein viss storleik. Storleiken på rentesikringsfondet burde knytast til ein del av kommunen si lånegjeld. Når rentesikringsfondet har nådd den vedtekne maksimumsstorleiken, kunne rentedifferansen nyttast til å betale ekstraordinære avdrag, eller til å erstatte lånefinansiering av investeringar. Denne alternative måten å "forsikre" seg på har tidlegare (1997-2007) vore brukt i Stryn kommune.

### **6.2 LØNS OG PRISVEKST, ENDRINGAR I PENSJONSUTGIFTENE**

Lønsoppgjaret i 2018 var gjeldande frå 01.05 2018. Verknadane av den nye avtalen er lagt inn i konsekvensjustert budsjett/ØPL.

Til å dekke lønsvekst for sentralt lønsoppgjær og lokale forhandlingar er det sett av 7 mill. kr. i konsekvensjustert budsjett/ØPL for 2019-22.

I 2018 skal det forhandlast om ny 2-årig hovudtariffavtale.

I ØPL er det lagt til grunn ein nominell årslønsvekst frå 2018 til 2019 på 3,25 %. Prisvekst på kjøp av varer og tenester er i statsbudsjettet rekna til 2,3 %. Dette saman med lønsveksten gjev ein samla communal prisvekst/deflator på ca. 2,8 %. I framlegg til driftsbudsjett er det teke omsyn til prisvekst på kjøp av varer og tenester, men også at veksten i kommunen sine frie midlar, skatt og rammeoverføring, berre er på 2,0 %.

I økonomiplanen er det lagt til grunn følgjande premiar i kommunen si pensjonsordning i KLP: Fellesordninga 17,5 % og Sjukepleieordninga 19,5 %. For pensjonsordninga i Statens Pensjonskasse er det lagt til grunn ein premie på 10,5 %.

Fram til 2002 var premien ein betalte til pensjonsordninga det som også vart rekneskapsført som pensjonskostnaden. I 2002 vart det vedteke et nytt system for føring av pensjonskostnaden, heimla i kommunerekneskapsforskrifta. Konsekvensen av dette var at ein fekk et skilje mellom det ein betalte, premien, og det ein rekneskapsførte, kostnaden. Intensjonen med dette var, mellom anna, at pensjonskostnaden i større grad enn premien skulle sikre ein meir stabil påverknad på kommunen sitt årsresultat.

Som følge av at premien (utgifta) ikkje var det same som kostnaden, oppsto omgrepene premieavvik, som grovt sagt er forskjellen mellom det som vert betalt og det som vert rekneskaps-/kostnadsført. Premieavviket er soleis ein rekneskapsteknisk størrelse utan noko form for kontantstrøm knytt til seg.

Pensjonspremien i pensjonsordninga blir i all hovudsak styrt av definerte tariffar (levealder, dødelegheit, uførheit), demografi i fellesskapet og pensjoneringsmønster.

Pensjonskostnaden vert styrt av "bestanden" i kommunen og av departementet sitt fastsette forholdstall, som igjen bygger på en del økonomiske utviklingsparametrar.

Dersom ein kommune eitt år betalar meir i pensjonspremie enn den berekna pensjonskostnaden i medhald av regelverket, så skal differanse inntektsførast i rekneskapet som eit positivt premieavvik. Premieavviket skal så i neste omgang amortiserast bort i løp av dei 7 komande åra, eller i det påfølgande året. Stryn kommune har valt å amortiserer dette over 1 år. Rådmannen har i arbeidet med budsjett/økonomiplan 2019-2022 vurdert å endre amortiseringsprinsipp for å «lette trykket» på kommunen sin økonomi i ei periode. Vi har valt å ikkje gjere dette no, men det kan verte naudsynt med slike tiltak om t.d. rentekostnaden stig meir enn føresett i åra som kjem.

Premie innbetalt til pensjonsordninga vil svinge avhengig av kor mange tilsette ein er, pensjonistbestanden ein har, og ikkje minst lønns og trygdeoppgjera som vert forhandla fram det einskilde året.

Det betyr at svingingar i premien medfører at premieavviket endrar seg frå år til år. Litt forenkla kan ein seie at til høgare premie ein betaler, til større vert det positive premieavviket.

Premieavviket kan med andre ord ikkje forutseiast i veldig stor grad, og kan heller ikkje sjåast isolert frå premie fakturert og pensjonskostnaden det einskilde året.

Sidan Stryn kommune avskriv (amortiserer) premieavviket årleg, og har sett av fond til å handtere avvika, er det i budsjett/ØPL inntektsført premieavvik som gjer at netto pensjonskostnad er ca. 15 % for KLP og ca. 12 % for SPK. Dette er i samsvar med dei utrekningane kommunen har motteke frå KLP og Statens Pensjonskasse.

### **6.3 SAMANDRAG AV KOMMUNEN SINE INNTEKTER OG UTGIFTER**

Staten styrer ein vesentleg del av ressurstilgangen til kommunen, ca. 78 % av inntektene i driftsbudsjettet for 2018 (skattar, rammetilskot og andre statleg overføring). Øyremerka tilskot frå staten, er løyingar med oppfølgingskrav før utbetaling. Staten styrer også kommunane sitt tenestetilbod gjennom rettighetslover med forskrifter, og gjennom forskrifter for betalingsordningar. Slik staten no fastset ramme føresetnadene for kommunane betyr det i realiteten ei bestilling om tenestekutt, då kommunane gjennom fleire år med kostnadskutt og effektivisering har tynt det meste ut av det endringspotensialet som måtte ha vore tilstade.

Rekneskapen for 2017 hadde eit rekneskapsmessig «mindreforbruk» på 11,9 mill.kr. Kr. ca kr. 5,6 mill. kom av resterande midlar overført til kommunen i samband med flaumen i Utvik. Dei resterande 6,3 mill av dette er sett av til disposisjonsfond.

Sum inntekter av skattar og overføring frå staten er i økonomiplanen i samsvar med det kommunen kan vente å få, det knyter seg likevel stor uvisse til veksten i skatteinntektene. Spørsmålet er utviklinga i arbeidsmarknaden, og om korleis folketallet vil utvikle seg i perioden, og om avkastninga frå fonda blir som føresett. Eventuell vekst/reduksjon i skatteinntektene vert sett i samanheng med rammeoverføring og inntektsutjamning (skatt).

Det er og knytt uvisse til om rentenivået, vil det gå opp, og i tilfelle kor mykje. Med lånegjeld på ca. 566 mill. kr. pr. 31.12.2018 vil sjølv små marginar over den budsjetterte renta gi stor kostnadsauke.

## **7. VIKTIGE PRINSIPP I ØKONOMIPLANEN**

### **7.1 LÅNEGJELDA**

Stryn kommune har ved utgangen av 2018 ei relativt låg lånegjeld per innbyggjar (ca. 78 500,-) i høve gjennomsnittet av kommunane i landet, men den har dei siste 2 åra auka. Rente- og avdragsbelastninga utgjer likevel store årlege beløp i komande år. Ein del av låneopptaka er gjorde i samband med inntektsgjevande "verksemd", m.a. industribygg, og kommunale bustader der leigetakarane skal betale husleige som m.a. skal dekke renter og avdrag, "inntekter" (renter og avdrag) av formidlingslån og kommunaltekniske tenester (vatn, kloakk, renovasjon m.m.).

Frå administrasjonen si side har det fleire gongar vore peika på at kommunen sine investeringar i alt for stor grad vert finansiert med lån. Det burde derfor vore sett krav til eigenfinansiering samstundes som det samla låneopptaket skal vere mindre enn betalte avdrag i året. Kravet til eigenfinansiering bør minimum vere 20 %. I økonomiplanen har det ikkje vore mogleg å frigjere

særleg mykje midlar til slik eigenfinansiering. Ved endring av momskompensasjonsordninga frå 2014 skal denne kompensasjonen for investeringar reknast som ei investeringsinntekt.

Framlegget til økonomiplan viser eit høgt investeringsnivå i planperioden på ca 215 mill., av dette er ca kr. 25. mill forskotering. I ei lengre periode er nye investeringar blitt finansierte med lån med avdragstid som er nærmere den teoretiske økonomiske levetida til anlegget enn det som var brukt tidlegare. Denne løysinga har frigjort nødvendige midlar til å gje økonomiplanen ein balanse, og samtidig få gjennomført dei aller viktigaste tiltaka. På kort sikt var dette ei mogeleg løysing, men på lengre sikt er det ei utsetting av kostnader. Frigjorde midlar bør nyttast til vedlikehalds- og utbetringstiltak, og nødvendige investeringar i infrastruktur m.m., og ikkje til nye driftstiltak.

Stryn kommune har tidlegare hatt som måltal at lånegjelda ikkje skal overstige 90 % av kommunen sine frie inntekter (overføringane frå staten og skatteinntektene). Dette er seinare endra til at lån til ikkje rentable føremål ikkje skal overstige 75 % av kommunen sine frie inntekter (skatt, rammeoverføring og eigedomsskatt).

Per. 31.12.17 vil samla lånegjeld utgjere (567 mill.kr.) omlag 130 % av kommunen sine frie inntekter (443 mill. kr.).

Rente og avdragsbelastninga kan bli svært tyngjande for kommuneøkonomien i framtid. Dette sjølv om mykje av låna gjeld investeringar der private og staten dekker det meste av rente og avdragskostnadene. Lånerentene er no på særslig nivå og ein renteauke på 1 %-poeng vil auke kommunen sine rentekostnader med ca. 6 mill.kr. Det må derfor visast stor varsemd med å sette i verk nye utgiftskrevjande tiltak utanom dei føreslegne i perioden 2018-2021.

Det er rekna med at låneopptak i perioden 2019-2022 kan gjerast til rente på 2,1 % p.a. For inventar og utstyr er avdragstida sett til 5 eller 10 år avhengig av venta teknisk levetid. For ekstraordinært vedlikehald er det rekna 20 års avdragstid. Det er rekna 20 år for investeringar vedkomande vegar, for vatn og kloakk er det rekna 40 år i samsvar med avskrivingsreglane for denne type anlegg, unntake er investeringar i utstyr der avskrivingstida er 20 år. For barnehagar er det rekna 20-40 år. For nyinvesteringar innan pleie og omsorg er det rekna 20-40 år. Investeringar i skuleprosjekt har 20-40 års løpetid.

Stryn kommune kjem til å refinansiere deler av lånegjelda. Dette får å få samle tal lån kommunen har, og får å få ned kostnadane på rente.

## 7.2 BRUK AV KOMPENSASJONSFOND

Det er i økonomiplanen lagt opp til ei forsiktig line i binding av midlar frå avkastninga frå Kompensasjonsfondet. Det var i tidlegare økonomiplanperioder rekna med at det årleg skulle brukast kr. 571 800 frå bruksfondet til dekning av alt avtalefesta tilskot til næringsutvikling (reiseliv). Dette tilsvara ca. 2 % utbytte brutto av grunnkapitalen. Til orientering vert nemnt at til dømes med 2,0 % prisstigning må det årleg leggast ca. kr. 570 000,- til fondskapitalen for at realverdien skal oppretthaldast og før det kan disponerast midlar til "gode" tiltak. Med kommunestyret sitt vedtak om å bruke 16,5 mill. kr. av denne kapitalen til aksjekjøp i Loen Skylift

er det ikkje mogleg å sette av midlar frå dette fondet til finansiering av tilskotet som er nemt ovanfor.

Vansken med variasjon i avkastning frå fondsmidlar som vi no har erfart, må tilseie at prinsippet om at avkastninga er tent opp og overført til "bruksfondet" før den vert disponert i budsjettvedtak må takast i vare. Vert det negativ utvikling i avkastninga, forsterkar forskrifta om utgiftsføring av ikkje realiserte tap vanskane med ei for optimistisk budsjettering.

### **7.3 BRUK AV ANDRE KAPITALINNTEKTER/UTBYTTE**

Kommunestyret godkjende i 2005 eit utlån av grunnkapitalen i Firdafondet til Stryn Energi AS – ansvarleg lån – på 27,5 mill.kr. i samband med utbygging av Innvik Kraftverk. Det vart og godkjent å nytte 4,9 mill.kr. til aksjekapital i selskapet Visnes Industripark AS og det er også brukt 5 mill.kr. til aksjeteikning i Innvik Næringspark AS.

I planperioden er det lagt til grunn at Firdafondet sitt bruksfond ikkje kan dekke kostnader med ekstraordinært vedlikehald m.m. før etter at midlar er opptente og avsette.

Kommunane er pålagde å vedta eit reglement for kommunen si finansforvaltning. Dette reglementet omfattar både plassering av midlar og forvaltning av lån. Reglementet vart godkjent av kommunestyret 13.09.05. Reglementet er revidert av kommunestyret 10.04.07. Det vert no arbeidd med ei revidering av reglementet.

### **7.4 ENØK OG MILJØ**

Det er viktig å fokusere på, og prioritere ENØK. Det er lagt til grunn at tiltak som kan gjennomførast innanfor ramma for energikostnader i budsjettet, kan gjennomførast utan nærmere vedtak, men med nødvendig budsjettjustering mellom tiltaket og energikostnadene.

### **7.5 AVSKRIVINGAR**

KOSTRA-forskriftene føreset at det for alle aktiverte driftsmiddel og bygningar vert ført avskrivingar med like store årlege beløp i driftsrekneskapen. Det er fastsett avskrivingslengde for ulike typar anlegg- og driftsmiddel.

Avskrivingane vert belasta driftsrekneskapen på dei einskilde tenestene/funksjonane og inntektsførte i sektor 8 (skattar, rammetilskot og finans) og vil derfor ikkje påverke det totale driftsresultatet. Avskrivingane skal gje uttrykk for kostnaden ved bruk av driftsmidlar, kapitalslitet. Sjå elles om kalkulatorisk rente nedanfor.

### **7.6 KALKULATORISKE RENTER**

I vårt driftsrekneskap vil det, dersom ein skal kunne sjå eit fullstendig rekneskap for tenester det skal betalast gebyr for, vere trong for også å vise rentekostnaden knytt til investert kapital. Kalkulatoriske renter vert utgiftsførte i driftsrekneskapen på dei einskilde tenester og fører til

inntekt i sektor 8. Dette gjer at ein for kommunaltekniske tenester kan framstille avgiftsgrunnlaget direkte i budsjettet.

Kalkulatoriske renter skal gje uttrykk for rentekostnaden for den kapital som er bunden til vedkomande driftsmiddel. Korleis eit driftsmiddel er finansiert får altså lite å seie for kostnadene ved bruken av driftsmiddelet. Eventuelle tilskot o.l. blir trekte ifrå ved utrekning av kor mykje kapital som er bunde til det einskilde driftsmiddel.

For alle vass- og kloakkanlegg vert det ved tidlegare utrekning av kalkulatoriske renter og avskrivingar etter annuitetsprinsippet rekna ei gjennomsnittleg avskrivingstid på 20 år pluss rente (kalkulasjonsrenta skal vere lik 5-årig swaprente, med eit tillegg på 0,5 prosentpoeng). I samsvar med retningsliner for vass- og kloakkgebyr vert det brukt faste årlege avskrivingar etter type anlegginvestering, til dømes 20 år for maskiner og 40 år for leidningsanlegg og damanlegg. Kalkulatorisk rente er i budsjettet sett til 1,92 %.

## 7.7 LIKVIDITET

I eige vedlegg til økonomiplanen er det gjeve ei oversikt over utviklinga i arbeidskapital, gjeld og fond. Oversikta viser at kommunen "tærer" på arbeidskapitalen og på fonda, medan lånegjeldsutviklinga er aukande. Ver merksam på utviklinga i lånegjelda som er knytt til eigne føremål – sjå elles vedlegget.



## **8. UTFORDRINGAR OG PRIORITERINGAR 2019 - 2022**

### **8.1 SENTRALADMINISTASJONEN – PRIORITYTERTE INNSPEL TIL HANDLINGSDELEN I ØPL 2019-2022**

Desse seksjonane ligg under sentraladministrasjonen: service og kommunikasjonsavdeling, rådmannskontoret, økonomi- og IKT avdeling, personalavdeling, bygg- og vedlikehaldsavdeling og plan- og næringsavdeling.

#### **SERVICE OG KOMMUNIKASJON**

Frå 1.1.2019 vil servicekontoret skrifte namn til Service og kommunikasjonsavdeling.

Servicekontoret har skranketeneste, publikumsmottak og sentralbordfunksjon for kommuneadministrasjonen. Frå 2019 er planen at også intern IT-service (og opplæring) vert lagt til denne avdelinga.

Innbyggjarane forventar at kommunen kan tilby eit gode digitale løysingar. Vi har i 2018 teke i bruk digitale verktøy som gjer at innbyggjarane kan søkje om tenester og stille spørsmål også utanfor opningstida.

Digital signatur på dokument er teke i bruk innanfor eit område i kommunen. Løysinga kan også nyttast innanfor andre område, t.d. høyringssvar. Dei fleste brev til og frå kommunen blir no sendt digitalt.

I 2018 startar prosjektet *Klart språk og god saksbehandling*. Dette prosjektet vil halde fram i 2019. Prosjektet har fått noko økonomisk støtte frå KS. Prosjektet har som mål at kommunen skal skrive klårt og presist, enkelt og forståeleg.

Nye og endra løysingar medfører endring i måten vi jobbar på. Den raske endringstakta har lært oss at kompetanse på ulike nivå blant dei som skal bruke og ha ansvar for systema internt er den viktigaste faktoren for at systema blir nytta fullt ut. Slik kompetanseoverføring kan skje ved at ein deler informasjon internt, men også med hjelp av eksterne, nettbaserte ressursar.

Framover blir utfordringa sjølv sagt å ha fokus på å utnytte dei muleheitene som ligg i dei løysingane vi har teke i bruk, og tilpasse desse slik at dei tilfredsstiller innbyggjarane sine behov på ein best mogleg måte.

Dette inneber også at vi har folk som kan støtte innbyggjarar som treng hjelp til bruk av digitale løysingar. Slike tenester utfører vi allereie. Målet er at innbyggjaren gjer dette sjølv, men med støtte nødvendig hjelp frå Service og kommunikasjon. Lokala vi brukar til rettleiing er ikkje godt nok skjerma til å kunne utveksle personopplysningar. Det ligg føre tiltak i økonomiplanen som gjeld opprusting av lokale. Blant anna å bygge om ein liten del av arealet i publikumsmottaket til å etablere ein eigna plass til rettleiingsverksemd for 1-2 pers.

Lokale og møblar i publikumsområde i kommunesenteret har vore uendra sidan vi flytta inn for 14 år sidan. Møblane er slitte og bør skriftast ut.



## **Prosjekt 56040 Oppgradering av resepsjon/ventesone og møterom 3042**

Tiltaket kan kort oppsummerast slik:

- Nye møbler (stolar/bord) i ventesona
- Skjerming av publikums PC med ein skjerm/lettvegg
- Oppfrisking i form av foliering på golv /vind i skranke/publikumsområdet og veggar og golv på møterom 3042, nye stolar på 3042.
- Trappeoppgangen frå 2. til 3 etg får store bilete veggen og blir ei historeforteljing.

### Kostnadsoverslag

<b>Resepsjon/skranke</b>	Møbler sofa+5 stolar	80 000
	Foliering vegg/golv	68 800
	Design	28.000
	Gangareal mot 3042	13 700
	Historisk Collage	
	<b>Sum</b>	<b>190 500</b>
<b>Trappeoppgang</b>	Foliering vegg	30 000
	Design	6 200
	<b>Sum</b>	<b>36 200</b>
<b>3042</b>	Møbler 10 stolar	43 500
	Gardiner	9 000
	Foliering vegg/golv	82 000
	Design	26 000
	<b>Sum</b>	<b>160 500</b>
<b>Total eks mva</b>		<b>387 200</b>
<b>Mva kr</b>		<b>96 800</b>

### **RÅDMANNSKONTORET**

Saman med rådmannen er det kontorsjef som ligg under rådmannskontoret. Kontorsjef fungerar også som fast stedfortreder for rådmannen. Fokuset i arbeidet er samordning på tvers av sektorane.

Gjennom året får vi ein del søknadar, og vi har tiltak som går på tvers av sektorane.

Føljande tiltak blir vurdert i arbeidet med økonomiplanen 2019-2022:

	2019	2020	2021	2022
KS Digitaliseringsprosjekt	144.000			
Digitalisering				
Turløyper Stryn	575.000	600.000	625.000	650.000
Stryn Vinterski (+3,5 mill i 2018)	4.000.000	4.000.000		
Gode Vegar	150.000			

### **Kommentrarar til tiltak:**

#### **Digitalisering:**

Digitalisering er ein stor del av det Stryn kommune må vurdere for å få betre effektivitet i drifta vår. Utviklinga går raskt og vi treng å følje med på det som skjer, og kva nytte Stryn kommune kan ha av

dette. Vi er med i det nasjonale prosjektet i regi av Kommunal- og moderniseringsdepartementet «Digital kompentase». KS har sendt ut invitasjon til alle kommunar og fylkeskommunar om eit felles digitaliseringssprosjekt saman med staten. Formålet med ordninga er å utvikle fleire nye felles digitale løsningar for kommunal sektor. Ved å utvikle løsningar saman, får vi betre kvalitet og lågare pris på det som utviklast. Meir informasjon om prosjektet finn ein her:

<http://www.ks.no/fagområder/utvikling/digitalisering/invitasjon-til-a-delta-i-finansieringsordningen-for-digitaliseringssprosjekter/>

Pris for kommunen er kr. 20 pr. innbyggjar = 144.000,-.

Vi bør også sjå på muligheita for å sette av eit beløp for investering i digitalisering i løpet av økonomiplanperioden. Det kostar og investere i og komme i gang med, men som ein i andre enden får ei innsparing på.

#### Turløyper Stryn:

Turløyper Stryn har søkt Stryn kommune om auka driftstilskot. Vi har dei siste åra hatt i budsjettet ein post «Tilskot til drift av løyper og idrettsanlegg» som Turløyper Stryn har fått ein stor del av. Dette generelle tiltaket ligg også inne i ØPL 2019-2022 med kr. 600.000,- (tiltaket ligg under skule og kultur). Når det gjeld søknaden frå Turløyper Stryn kan ein lese meir om dette her:

[https://stryn.kommune.no/innsyn\\_pluss/wfdocument.ashx?journalpostid=2018010374&dokid=1373809&versjon=1&variant=A&](https://stryn.kommune.no/innsyn_pluss/wfdocument.ashx?journalpostid=2018010374&dokid=1373809&versjon=1&variant=A&)

#### Stryn Vinterski:

Stryn Vinterski har søkt Stryn kommune om midlar for å vidareutvikle anlegget. Dette har Stryn Vinterski tidlegare vore i politiskfora og presentert desse planane. Dei har søkt om kr. 3.500.000,- for 2018, og kr. 4.000.000,- for åra 2019 og 2020.

- Visjon: Vere det føretrekte skianlegg på Nordvestlandet
- 4-års plan: tilgang til Steindalsheisen heile året
- 1-års plan: Drive anlegget som før med fokus på regularitet  
Starte prosessar for å nå 4-års målet.

#### Gode vegar:

Stryn kommune har tidlegare hatt avtale med Gode Vegar AS, og konsulenttenester opp til kr. 150.000,- pr. år. Dette vart ikkje vidareført i 2018. Gode Vegar AS ønskjer å gjenoppta samarbeidet i 2019.

#### BYGG OG VEDLIKEHALDSADELING

Skal sørge for å vedlikehalde kommunen sin bygningsmasse best muleg, her under også inneklima. Under denne avdelinga ligg vaktmeister- og reinhaldstenester.

Prosjekt nr	Tittel	2019	2020	2021	2022	Prioritet
22096	Stryn U- Skifting /rep. Vindauge		250.000,-			
62146	Stryn U- renovering lærergarderobe	90.000,-				7
62147	Nordsida skule-Utelys parkering/port	90.000,-				1
62157	Olden skule- temperaturregulering	50.000,-				Utført
62148	Olden skule- skifte vindauge v/inngong sløydsal		45.000,-			15
62149	Vikane skule- isolere gavlvegg	75.000,-				13

62159	Oppstryn skule- skifte punkterte/trekkfulle vindauge aust	150.000,-					3
64050	Loen barnehage- utelys	90.000,-					2
62158	Tonning skule- ny drenering uteområde		550.000,-				
74164	Stryn arbeidssenter- nytt trappegelender	20.000,-					Utført
74165	Stryn arbeidssenter- lage handicap-toalett i kjeller		120.000,-				14
74152	Vikane oms.senter- nye radiatorar i kontorfløyen	40.000,-					6
74166	Vikane oms.senter- Nye vindauge hovedkjøkken	60.000,-					5
74167	Stryn arbeidssenter- ny hoveddør	20.000,-					
56041	Bøabakkane 2- utvendig beising		120.000,-				12
56042	Vikalida barnehage- utvendig beising	150.000,-					11
56043	Gløshammaren- skifte vestvegg/verandarekkverk	80.000,-					9
56044	Tonningshaugen 11 og 13- skifte vestveggane	100.000,-					10
26114	Stryn symjehall- skifte av sandfilter	500.000,-					4
34090	Setrevn.4-Skjerming ambulanseinngang	280.000,-					8
	Alle summane i tabellen over er <b>EKS:mva</b>						
	<b>Uavklarte prosjekt som ligg inne frå 2017/2018</b>						
22092	Styring varmeanlegg Tonning skule	320.000,-					
15045	Oppgradering Strynehallen del 2	3.335.000,-					
55053	Utstillingshallen-riving	385.000,-					
15042	Utstillingshallen- renovering	665.000,-					
16030	Verkstedbygget- oppgradering	1.200.000,-					

Rådmannen legg i budsjettet opp til at det i framtida vil verte mindre grad av detaljstyring i budsjettvedtaka.

## PLAN- OG NÆRINGSAVDELING

Har ansvar for det overordna planarbeidet, næringsutvikling med forvaltning av det kommunale næringsfondet, landbruksforvaltning, miljøvern (friluftsliv, viltforvaltning, motorisert ferdsel m.m.). I tillegg ligg ansvaret for overordna folkehelsearbeid under denne avdelinga frå 2017.

### Plan- og næringsavdelinga sitt innspel til tiltak for ØPL 2019-2022:

#### Vidareføring av eksisterande tiltak

Tiltak	Tekst	2019	2019	2020
43038	Innløysing av areal på Tonningeskamben	9 000 000		
Finansiering	Stryn kommune	9 000 000		
	rentekostnad	190 000	190 000	190 000

Kommentar:

Gjeld innløsing av areal til nytt bustadområde på Tonningskamben. Det er rekna med eit totalareal, inklusiv friområde/ areal til tursti, anna infrastruktur på totalt 210 dekar.

#### Nye tiltak (i prioritert rekjkjefølgje)

1	Tiltak	Tekst	2019	2020	2021
	14021	Innløsing av areal – Kjeldeflata friluftslivsområde	460 000		
	Finansiering	Drift	240 000		
		Miljødirektoratet	220 000		

#### Kommentar:

Gjeld innløsing av festeavtale på gnr. 57, bnr. 313 og 335 i samband med at området er søkt statleg sikra.

2	Tiltak	Tekst	2019	2020	2021
	42007	Utviding av toalett i Olden	1 000 000	500 000	
	Finansiering	Stryn kommune	1 000 000	500 000	

#### Kommentar:

Gjeld estimert kostnad til utviding av toalettkapasiteten i Olden. Korleis dette skal skje er ikkje avklart.

3	Tiltak	Tekst	2019	2020	2021
	14022	Gjennomføring av fysiske tiltak i forvaltningsplanen for Kjeldeflata	360 000	100 000	
	Finansiering	Drift	180 000	50 000	
		Miljødirektoratet	180 100	50 000	

#### Kommentar:

Gjeld tiltak i samsvar med forvaltningsplan for statleg sikra friluftslivsområde

4	Tiltak	Tekst	2019	2020	2021
	54043	Merking m.v. av sti- og løypenet inklusiv Tonningløypa	30 000	35 000	50 000
	Finansiering	Drift	30 000	35 000	25 000
		Miljødirektoratet	15 000	17 500	12 500

#### Kommentar:

Gjeld tiltak i samband med gjennomføring av forvaltningsplan for statleg sikra friluftslivsområde.

5	Tiltak	Tekst	2019	2020	2021
	42008	Opparbeiding av «grønt infopunkt Loen»	500 000	500 000	
	Finansiering	Stryn kommune	250 000	250 000	
		Miljødirektoratet	250 000	250 000	

#### Kommentar:

Gjeld kostnad til etablering av eit «infopunkt» med toalett og opplegg for bosshandtering, lokalisert ved parkeringsplassen til «Skåla» (jfr. dok 17/2100)

<b>6</b>	<b>Tiltak</b>	Tekst	2019	2020	2021
	51103	Regulering Oldenleirane	500 000		
	Finansiering	Stryn kommune	150 000		
		Tiltakshavar	350 000		

**Kommentar:**

Gjeld delfinansiering av kostnad med regulering av Oldenleirane.

<b>7</b>	<b>Tiltak</b>	Tekst	2019	2020	2021
	15046	Innløysing av areal, del av 150/2	500 000		
	Finansiering	Stryn kommune	500 000		
		rentekostnad	12 500	12 500	12 500

**Kommentar:**

Gjeld innløysing av areal eigd av Innvik sokn på Langesethøgda. Arealet inngår i eit regulert næringsareal.

<b>8</b>	<b>Tiltak</b>	Tekst	2019	2020	2021
	55055	Utviklingsprosjekt i landbruket	350 000	350 000	350 000
	Finansiering	Stryn kommune	350 000	350 000	350 000

**Kommentar:**

Gjeld delfinansiering (50%) av prosjektstilling knytt til rekruttering og modernisering av produksjonsmetodar.

<b>9</b>	<b>Tiltak</b>	Tekst	2019	2020	2021
	54044	Masterplan stisykling	700 000		
	Finansiering	Stryn kommune	250 000		
		Andre aktørar	450 000		

**Kommentar:**

Utarbeide «masterplan» for stisykling i Stryn med utgangspunkt i Oppstryn, Loen og Stryn skisenter/Hydra.

**NB: dette tiltaket vil truleg gå ut**

	Tiltak	Tekst	2019	2020	2021
	46211	Omlegging av kommunal veg i Lovik	1 400 000		
	Finansiering	Stryn kommune	1 400 000		
		rentekostnad	35 000	35 000	35 000

**Kommentar:**

Gjeld kommunalt bidrag til omlegging av kommunal veg i Lovik (frå Fv 60 og cc 650 meter forbi Nordfjord Kjøtt – under føresetnad av stadfesting av vedtak i sak KS 061/18.

## ØKONOMI- OG IKT AVDELING

Ansvarsområdet er firedeelt:

1. Innkrevjing av skatt og arbeidsgjevaravgift på vegne av staten etter skattebetalingslova og instruksar frå skattedirektoratet og Skattefutene.
2. Rekneskapsførarfunksjonen for kommunen medrekna innkrevjing av kommunale gebyr m.m.
3. Økonomisk planlegging med årsbudsjett og økonomiplan.

#### 4. Innkjøp og opplæring vedkommande informasjons- og kommunikasjonsteknologi.

### PERSONALAVDELING

#### Sysselsettingsprosjekt (82007).

Kommunestyret vedtok i møte den 28.04.2016 å etablere eit kommunalt sysselsettingsprosjekt i samarbeid med Nav Sogn og Fjordane – førebels frå og med 1.mai til og med 31.oktober 2016, jf. KS sak 025/16 og som partane har vidareført etter same modell fram til 31.12.2018. Formålet med ordninga er å gi arbeidstrening til personar som står utanfor det ordinære arbeidslivet og til ungdom under 30 år som mottar økonomisk sosialhjelp. Så langt har prosjektet vore ein suksess. No er 22 av 33 avslutta deltarar i ordinært arbeid. Det vil seie at 66% deltarane har gått over frå stønad til ordinært arbeid.

Kostnaden med løn + sosiale utgifter til stilling som koordinator for prosjektet og arbeidsleiar på teknisk etat har vore ei kostnadsdeling 50/50 mellom Stryn kommune og Nav. Nav dekker utstyr til deltarane i prosjektet.

Rådmannen har per november 2018 ikkje avtale med Nav om å vidareføre prosjektet i 2019.  
Kostnaden med noverande ordning er ca. kr. 210 000,-.

#### Opprettig av av ei kommunal stilling som arbeidsleiar.

Ulempen med noverande modell er at arbeidsleiar må vere registrert som arbeidsledig i Nav for at Nav skal yte tilskot til Sysselsettingsprosjektet. Ein god arbeidsleiar er heilt avgjerande for at prosjektet skal lukkast – både at vi får utført nødvendige interne arbeidsoppgåver på avd.

Kommunalteknikk og avd. Bygg og vedlikehald samt at vi skal førebu deltarane på det ordinære arbeidslivet.

Stilling som arbeidsleiar for arbeidsledige vil bli plassert i følgjande avdelingar i løpet av 2019:

- 01.01 til 30.04.2019 - Bygg og vedlikehald
- 01.05 til 31.05.2019 - Park og grønt
- 01.06 til 31.07.2019 - Flyktningstenesta – «Grøntprosjektet»
- 01.08 til 31.12.2019 - Kommunalteknikk /Park og grønt

#### Kostnad:

Løn 01.01.2018 til og med 31.12.2018=	kr. 420 000
+ feriepengar 1,2% =	kr. 50 400
+ pensjon 17,5% =	kr. 73 500
+ Arbeidsgjeveravgift 10,6% =	kr. 57 700

Sum = kr. 601 600

#### Finansiering:

Løn til leiar av «Grøntprosjektet» blir finansiert over eksisterande driftsbudsjet / vedlikehald (flyktningtilskot) som utgjer i alt 2 månadsværk.

Finansiering for 2 månader blir kr. 606 900 x 2 = kr. 100 300,-  
12

Kostnad – leiar «grøntprosjekt»:  
kr. 601 600 – kr. 100 300 = kr. 501 300

Vidareføring av noverande modell.

Dersom prosjektet blir vidareført som eit samarbeidsprosjekt mellom Nav og Stryn kommune, vil kostnaden for Stryn kommune Kostnaden med «Grøntprosjektet» (kr. 100 300) for flykningar blir finansiert over Flykningmidlane.

## **8.2 SKULE OG KULTURSEKTOREN – PRIORITYRTE INNSPEL TIL HANDLINGSDELEN I ØPL 2019-2022**

Skule- og kulturetaten har oppdaterte kommunedelplanar med handlingsplan for oppvekst, kultur, bygningsvern og idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet. I tillegg har skulane/barnehagane verksemddplanar. Desse, i tillegg til politiske vedtak og innspele utanfrå, ligg til grunn for etaten sine prioriteringar til tiltak i handlingsdelen for ØPL 2019-2022.

Aktuelle planar som gjeld sektoren er:

- Kommunedelplan for oppvekst
- Kommunedelplan for kultur
- Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet
- IKT – plan for skule/barnehage
- Plan for tilpassa opplæring
- Plan for tilrettelagt norskopplæring for minoritetsspråklege barn/elevar
- Kartlegging som grunnlag for tilpassa opplæring
- Samarbeid for barn og unge
- Plan for oppfølging av nytilsette pedagogar i skule og barnehage
- Plan for arbeid med det fysiske og psykiske skolemiljøet
- Plan for kartlegging i barnehage

### **Tiltak som er vedtatt i ØPL 2018 – 2021:**

Investering:

22062 Barnehage Storesunde i 2019

22101 Barnehage Loen i 2019

24018 Barnehage Innnvik i 2020

15045 Strynhallen - oppgradering del 2 i 2019

26109 Utgreiing varmtvassbasseng - konkrete kostnader for utbygging av varmtvassbasseng i Stryn.

Drift:

64024 Auka bemanning i barnehage som følgje av førespeglad lovendring. I rammeoverføring

66138 Tilskot til drift av løyper og idr.anlegg

62151 Søskensmoderasjon SFO

Kommentar:

Vedtekne driftstiltak er arbeidd inn i budsjett 2019 – 2022.

Når det gjeld investeringstiltak, har føresetnadane for nye barnehageplassar endra seg det siste året. Dette har i hovudsak årsak i færre flyktningar og arbeidsinnvandrarar, men også nedgang i fødselstala. Tal barn med rett til barnehageplass er redusert, og det er ledig kapasitet i alle

barnehagar med unntak av Loen, Olden og Oppstryn barnehagar. Vi får nytta kapasiteten i Stryn sentrum i løpet av barnehageåret ved å ta inn barn som ikkje har krav på barnehageplass etter lova. I Loen bur det per i dag, nok barn til å fylle ei ekstra avdeling, men dette vil føre til større ledig kapasitet i andre barnehagar, særleg Stryn sentrum.

Barnehagen i Vikane er lokalisert til Utvik, og det har over tid vore eit tema at denne skal vere organisert i Innvik i tilknyting til skulen som eitt oppvekstsenter. Utvik er godkjent for to avdelingar, men det har dei siste åra ikkje vore barn til å fylle meir enn knapt ei avdeling. Slik barnetalsutviklinga er i Vikane, vil også elevtalet synke dei komande åra. Administrasjonen stiller difor spørsmål om ei løysing kan vere å nytte ledige rom på skulen som barnehage.

Slik barnetalet har utvikla seg siste året, vil det ikkje vere behov for å ta i bruk Storesunde skule som barnehage for Stryn sentrum med det første.

#### **Prioriterte innspel til tiltak i handlingsdel/ØPL 2019 -2022:**

Utbygging av Tonning skule og Stryn vaksenopplæringssenter vart vedtatt i ØPL 2018 – 2021 som eitt prosjekt med ei kostnadsramme på kr. 50 000 000, oppstart 2018 og ferdigstilling 2020. Kommunestyre vedtok, i KS 069/18, 18.09.2018, å dele prosjektet i to sjølvstendige tiltak.

- Prosjektnr. 22095: Stryn vaksenopplæringssenter – nybygg eller kjøp av lokaler, jfr. vedtak KS 069/18, 18.09.2018.  
Arbeidet har starta med eit mål om ferdigstilling 30.04.2020.
- Prosjektnr. 22077: Utbygging Tonning skule til tre parallellear  
Fleire klassar er så fulle at det truleg blir behov for ein tredje parallel. Midlertidige brakker vart sett opp for å løyse eit akutt behov. Ein bør bygge for plass til 7 klasserom i tillegg til forming- og naturfagrom.  
Dersom ein skal bygge framtidsretta, kan det vere aktuelt å erstatte delar av bygningsmassen.

#### Kostnad:

2019	2020	2021
15 000 000	40 000 000	15 000 000

- Tilleggsareal til Stryn ungdomsskule. Nærmiljøanlegg/skuleplass.  
Grunnpris er forhandla til kr. 340 pr. m<sup>2</sup> i 2018, areal 8000 m<sup>2</sup>. Kostnad kr. 2 720 000  
Opparbeiding av anlegget ca kr. 1 500 000 der 600 000 blir dekt av spelemidlar.  
Kostnad kr 900 000

#### **Andre tiltak:**

22104 Oppgradering av trådlaust nettverk Stryn ungdomsskule og Olden skule

26083 Turveg Årheim - Sætre

22105 Olden skule - oppgraddering gymsal

#### **Drift:**

66055 Ny bygdebok

66140 Kulturpris - innkjøp av skulpturar

66141 Stryn bibliotek - meirope bibliotek/jubileum  
64051 Dekking av redusert foreldrebetaling barnehage  
64053 Sommaropne barnehagar  
62150 Fullelektronisk klientarkiv PPT  
66143 Kulturskule - desentralisert undervisning  
66144 Strynehallen - drift/utstyr  
62156 Symjeopplæring heile skuleåret - fra 26 veker - 38 veker  
64052 Redusert foreldrebetaling SFO i sommarferien  
66139 Tilskot til Innvik Ullvarefabrikk  
66122 Veten IL/Nordfjord Fritidssenter  
66121 Breimsbygda skisenter  
66129 Tilskot kulturminne etter søknad  
62131 Færre elevar per kontaktlærar - 12 (fekk 3 - 10 ekstra)  
62121 Kompetanseheving i grunnskulen  
66145 100% ny stilling i kulturskulen  
66128 30% auka stilling i kulturadministrasjonen  
66111 Tiltaksmidlar til lokal kunst- og kulturutvikling  
66114 Kulturmidlar til lokale kulturygg  
66131 Faleide skolemuseum - formidling og utvikling  
66 109 Felles skilting symjehall/kulturhus/kulturskule/skular/barnehagar  
62081 Vikarutgifter i grunnskulen  
64001 Leikar/utstyr i barnehagane  
62003 Digitale ferdigheter - utstyr/pedagogiske programvare  
66103 Auka tilskot til Singerheimen  
66104 Auka tilskot til Garden Li

#### Forslag til innsparinger (prioritert rekkefølge)

1. Fjerne oppgradering av Storesunde skule til barnehageføremål.
2. Flytte barna fra barnehagen i Utvik til Innvik skule som følgje av nedgang i elevtal og ledig kapasitet i skulelokala
3. Flytte elevar/barn fra Rand skule og barnehage til Nordsida skule og barnehage
4. Fjerne utbygging Loen barnehage

## **8.3 HELSE- OG SOSIALEKTOREN – PRIORITY INNSPEL TIL HANDLINGSDELEN I ØPL 2019-2022**

Helse- og sosialektoren har gjennom 2017 jobba aktivt med planar og mål for inneværende år. Mykje av det som var planlagt er gjennomført, mens noko er framleis under arbeid eller til vidare planlegging.

Etaten har i løpet av året kome i gang med kommunedelplan for helse-, sosial og omsorg. Planprogram er planlagt politisk behandla i HSU-møte i november 2018. Sektoren ser stor trond for ei slik plan. Utviklinga av samhandlingsreforma og kommunereforma held fram med omfattande endring og utviding av kommunen sine ansvarsoppgåver, og stadig nye forventningar og pålegg frå staten si side. I tillegg må sektoren henge med i ei digital utvikling som til tider kan oppleves gå fortare enn ynskjeleg. Vi har brukarar som ikkje alltid like lett tileignar seg dei digitale krava som samfunnet set.

Kompetanse er ein viktig føresetnad for å kunne yte gode, kvalitative tenester. Det er difor i løpet av 2. halvår vorte jobba med å utarbeide ei informativ og nyttig kompetanseplan.

Viktige styringsdokument innan organisasjonen er

- Kap. 5.1, 5.3 og 5.4 i samfunnssdel av kommuneplanen,
- Årsrapport 2017, punkt11: Fokusområde 2018 for helse- og sosial

Aktuelle planar som gjeld sektoren er:

- Rusmiddelpolitisk handlingsplan for Stryn kommune 2016-2020, kap. 4 om målsettingar og kap. 5 om strategiar og tiltak for å nå måla
- Handlingsplan for busetting av flyktningar og innvandrarar i Stryn kommune 2017 -2021.
- Kunnskapsdokument for folkehelse, vedteke i november 2015, - som er viktig bakgrunnsmateriale for ny kommunal planstrategi og revidering av samfunnssdel av kommuneplanen.

Sentrale statlege styringsdokument er :

- Primærhelsemeldinga: St.meld 26 (2014-2015): «Fremtidens primærhelsetjeneste- nærhet og helhet»
- Demensplan 2020
- Opptrappingsplan for habilitering og rehabilitering (2017-2019)
- Opptrappingsplan for rusfeltet (2016-2020)
- Meld. St. 15 (2017-2018) «Leve hele livet. En kvalitetsreform for eldre»
- Revidert nasjonalbudsjett 2018 og statsbudsjettet for 2019.
- Ulike statlege tilskotsordningar for stimulering til innsats på prioriterte område ( helsestasjon/skulehelseteneste , rus/psykisk helse, habilitering / rehabilitering m.m.)



Nyttige nettsteder for å hente informasjon om tenesteytinga vår er:

- <https://www.fhi.no/>
- <https://helsenorge.no/kvalitetsindikatorer>
- <https://statistikk.samhandlingsbarometeret.no/webview/>
- <https://kommunebarometeret.no/landing>
- <https://www.ssb.no/offentlig-sektor/kostra>
- [https://www.bufdir.no/Statistikk\\_og\\_analyse/Barnefattigdom/?region\[\]=%Norge](https://www.bufdir.no/Statistikk_og_analyse/Barnefattigdom/?region[]=%Norge)
- <http://www.ungdata.no/>

M.fl.

Konkrete innspel til handlingsplan på bakgrunn av dokumenta over:

Samhandlingsreforma og primærhelsemeldinga legg sterke føringar på kommunane for styrka og forbetra innsats innafor folkehelse, førebygging, habilitering og rehabilitering, legetenester, pleie/omsorgstenester og rus/psykiatritenester, - alt for å bidra til betre helse, større grad av eigenmeistring og redusert forbruk av spesialisthelsetenester. Vi ser det er særleg lagt vekt på

- Brukarmedverknad i utforming av tenestetilbod
- Pårørrandearbeid
- Tidleg innsats
- Tverrfagleg samarbeid mellom tenestene og god samhandling med spesialisthelsetenesta
- Kunnskapsbaserte tenester
- Digitale verktøy i tenesteytinga/velferdsteknologi
- Internkontroll
- Beredskapsarbeid

I tillegg til kvalitetskrav til tenesteytinga skal vi også ha fokus på dei tilsette i organisasjonen. Med fokus på faktorar som skapar indre motivasjon, meistringstru, sjølvstende, bruk av kompetanse, meistringsklima m.m. skal vi få best mulig ressursutnytting av arbeidstakarane våre og vi skal jobbe for nærvær framfor sjukefråvær.

På bakgrunn av dei ulike føringane som skissert over, vert det peikt på følgjande behov i 2019:

### Behov for auke i bemanning

Område	Årsverk	Årsak	Prosjektnr	Kostnad
Tenester funksj.h. Setrevegen	1,7	Auke i brukarar med store bistandsbehov	74168	1 000 000
Sentrumsgruppa	0,4	Brukarar med auke i bistandsbehov	74158	250 000
Arbeidssenteret	0,6	Auke i brukarar med store bistandsbehov	741697	350 000
Barnevern	0,8	Underbemannna teneste		450 000
Fysio/ergo.avd	1,0	Kartleggje og førebyggje situasjonar slik at eldre kan setjast i stand til å bu lenger i eigen heim Hjelpemiddelformidling velferdsteknologi	72030	650 000
Flyktingtenesta	0,5	Framleis mange med integreringstilskot som har behov for tenster frå flyktingkonslumentar	76080	330 000
Rusarbeid	0,5	Ikkje vidareført tilskuddsordning frå staten, må betale for stilling sjølve	76082	300 000
Sum kostnad nye stillingar				3 330 000

### Andre behov i tenestytinga:

Område	Behov	Prosjektnr	Kostnad
Tenester funksjs.h. (T.F), Arbeidssenteret	Lease ny bil, 7-seter. Noverande bil (93-modell) i därleg stand og dyr i drift.	74170	110 000
T.F., administrasjon	Ny kopi- og makuleringsmaskin	74171	35 000
Pleie og omsorg	Innkjøp av velferdsteknologi	34089	600 000
	Innkjøp nye dusjstolar	74163	80 000
	Service på utstyr	74172	100 000
Helsestasjon	Kompetansebygging	72059	50 000
Heile helse- og sosial	Abbonement Veilederen.no	70023	100 000
Sum kostnad andre tiltak			1 050 000

### Nærare omtale av tiltaka:

#### Tiltak 74168: 1,7 auke årsverk, Setrevegen

Det har i løpet av året kome brukarar til tenestene for funksjonshemma med store bistandsbehov. Ut frå innmelde tal frå tenesteleiar er det ikkje rom for å gje eit forsvarleg helsetilbod til alle brukarane i den nye situasjonen.

#### Tiltak 74158: 0,4 auke årsverk Sentrumsavdelinga, Tenester funksjonshemma

Behov for 40% stillingsauke i Sentrumsavdelinga. Dette fordi det er ei gruppe med eldre brukarar, bl.a. ein med kreftdiagnose og ein med diabetes. Behov for tid til å førebygge overvekt og med aktivitet og kostrettleiing. Auke i stilling vil kome mange brukarar til gode, slik at dei får litt meir aktivitet og innhald i kvardagen.

#### **Tiltak 74169: 0,6 auke årsverk, arbeidssenteret**

Mange av brukarane i tenester funksjonshemma er knytt til arbeidssenteret på dagtid. Aktivitet er ein viktig del av ein meininsfylt kvardag for utviklingshemma. For at tilbodet skal vere forsvarleg, og at brukarane får den bistand det er behov for, krevs det ressursar. Då det har kome nye brukarar til i løpet av hausten 2018, som har behov for tett oppfølging, er det for lite stillingsressursar pr. i dag. Det er difor meldt inn behov for auke med 0,6 stilling.

#### **Tiltak xxxx: 0,8 årsverk barneverntenesta**

Tall frå både eiga KOSTRA-gruppe og landet viser at Stryn kommune ligg særslig lågt på utgifter til barnevern. Stryn kommune har færre tilsette enn tenestene i nabokommunane til trass for at vi har fleire innbyggjarar. Lav bemanning viser seg sårbar ved fråvær. Vidare gjev det lite rom for å utvikle tenestene. Då særleg med tanke på førebyggjande arbeid og tidleg innsats. Stryn kommune er i interkommunal teneste med Gloppen kommune på tiltaksarbeid i heimen. Det viser seg likevel viktig at barnevernstenesta i Stryn har fleire eigne ressursar til å arbeide tiltaksretta, dette både med kompetansebygging og fleire å fordele saker på.

Stryn kommune får årlege midlar frå Fylkesmannen til styrking av barneverntenesta. Desse midlane har ein ikkje greidd å nyttiggjere fullt ut i 2017 og 2018. Dette fordi lønnskostnadane ligg under det kompetansenivået Fylkesmannen tildeler ut frå, og fordi det har vore fråvær i stillinga slik at det ikkje har vore brukt midlar på komepetansebygging eller likande. Det ikkje nyttja beløpet tilsvavar ca. 20% stilling. Dette er uråd å rekruttere kompetanse til. Det vert difor lagt inn 0,8 årsverk som tiltak i budsjettet. Då med tanke på at kommunen sjølv står for 80% av lønnskostnadane mens resten av ei 1/1 stilling kan finansierast med tilskotsmidlar.

#### **Tiltak 72030: 1,0 årsverk ergoterapeut, Habilitering / rehabilitering**

Vi vil i framtida måtte løyse omsorgsoppgåvene på meir effektiv måte, satse på at innbyggjarane bur lenger heime ved hjelp av ulik teknologi og anna hjelpebidalar, og ha gode og effektive rehabiliteringsprosesser med bl.a. fokus på ADL-trening. I tillegg vil unge vaksne med ulike funksjonsnedsettingar har behov for habilitering og rehabilitering for å kunne bu heime og mestre eigen kvardag. Det same gjeld barn som har behov for hjelp. Ved auke i ergoterapitenesta vil ein kunne arbeide med fokus på habilitering, rehabilitering og velferdsteknologiske løysingar som fører til at den einskilde meistrar kvardagen sin i heimen. Dette fører igjen til mindre press på institusjonsplassar. Dette vil igjen føre til større kapasitet til å ta imot utskrivingsklare pasientar. Det foreslås difor å auke ergoterapeutenesta med 1 stilling.

#### **Tiltak 76080: 0,5 auke årsverk, Flyktningtenesta**

Det er uvisst om vi får tildelt flyktningar for busetting i 2019, dette vert snarleg avgjort. Det vil likevel vere flyktningar som er under introduksjonsprogrammet som har behov for oppfølging. Her særleg med tanke på oppfølging i bustad og utabeiding og oppfølging av individuell plan for kvar familie og familiemedlem. Tenesta har pr. idag 3,34 stilling inkl. avdelingsleiar. 0,7 stilling er knytt fast til voksenopplæringa. Det er behov for å vidareføre engasjement i 50% stilling i 2019.

#### **Tiltak 76082: 0,5 årsverk ruskonsulent i fast tilsetjing:**

Stryn kommune har fått tildelt midlar til ruskonsulentstilling sidan i 2012. Dette tilskotet opphørde for Stryn kommune sin del i 2017. Vi fekk ikkje tilskot som forventa i 2018. Dette med begrunnin i at

tilskotsperioden var oppbrukt. Det er tilsett ruskonsulent i 100% stilling som har jamleg oppfølging med brukarar som har behov for tenester innan rusomsorga. Stillinga har vore organisert under Nav. Stryn kommune må framleis gje tilbod innan rasarbeidet sjølv om tilskotsperioden er over.

Oppgåvane vil verte flytta til avdeling for psykiske helsetenester. Dette ut frå at ein ser det som hensiktsmessig å ha felles rus- og psykisk helseavdeling. Då oppgåvane vert fordelt til eit team ser ein mogelegheit for å kunne nytte eksisterande ressursar til oppfølging av rasarbeidet. Det vil likevel verte knapt med ressursar ut frå dagens bemanningsnivå. Det vert difor føreslege å auke bemanninga i psykiske helsetenester, tenester i heimen, med 0,5 stilling.

#### **Tiltak 741710: Leasingbil, arbeidssenteret**

Arbeidssenteret eig ein VW Caravelle, registrert i 1993. Denne har vore stor utlegg på i dei seinare åra, og er generelt i dårleg stand. Bilen blir brukt til å køyre skruar til Hagen og tur/retur til kommunesenteret for kaffikoking i kantina. Den blir i tillegg brukt til å hente og bringe brukarar til Stryn Arbeidssenter. Bilen vert ofte nytta av til dei funksjonshemma når dei skal på turar utanfor tida dei er på arbeidssenteret. For å kunne nytte bilen til fleksibelt bruk med brukarar er det behov for 7-seters bil.

#### **Tiltak 74171: Ny kopimaksin og ny makuleringsmaskin, felles innkjøp administrasjon tenester funkjsonshemma og Stryn omsorgssenter.**

Gammalt utstyr må byttast ut

#### **Tiltak 34089: Innkjøp av velferdsteknologi**

Tida er moden for å kome i gang med velferdsteknologi. Det er mange produkt på markedet, men det er viktig å finne produkt som stettar brukarane sine behov, ikkje brukarar som skal passe inn til teknologien. Det er nedsett prosjektgruppe som arbeidar aktivt med implementering av velferdsteknologi. Prosjektperioden går fram til juni 2019. Det er bl.a. arbeidd med val av teknologi, innkjøp og utprøving, kopling til fagsystem m.m. Vidare vert det arbeidd med saksbehandlingskriteriar for tildeling av velferdsteknologi, der under kva type teknologi som brukar skal betale eigenandel for (praktisk bistand) og kva som vert å rekne som personleg bistand der kommunen ikkje har høve til å krevje eigenandel. Gevinstrealisering i form av bl.a. spart tid for personale vil bli utarbeidd oversikt over i kvart einskild tilfelle.

For å kome i gang med utprøving må kommunen kjøpe nødvendig utstyr. I tillegg er det ein del utstyr/teknologi som krev månadlege abonnement. Eksempel er elektroniske medisindispensarar der prisen er kr 3.500,- pr. mnd. For eit år vil dette koste kr. 42.000,- pr. brukar. Dersom vi har 10 brukarar vil dette blir kr. 420.000,- pr. år. Gevinstrealisering kjem til fråtrekk.

For å kome i gang med velferdsteknologiske løysingar, for å førebu oss på å kunne yte gode tenester i framtida med fleire eldre og færre arbeidshender, må kommunen investere i ulike løysingar. Det vert difor med dette meldt inn behov for ein budsjettpost på kr. 600.000,- til innkjøp/leige av velferdsteknologi.

#### **Tiltak 74163: Innkjøp dusjstolar**

Det er behov for nye dusjstolar, dette for kvalitet både for brukar og personale. Behovet gjeld både i Vikane og Stryn omsorgssenter. Til saman 6 stolar, der 2 av desse må vere med vekt ut får lovkrav om å fylgje brukarane si vektutvikling.

### **Tiltak 74172: service på utstyr**

Ein del elektronisk medisinsk utstyr på omsorgssentera treng service. Forskrift om elektormedisinsk utstyr set krav til kommunen om vedlikehald på utstyret.

### **Tiltak 72059: Sertifisering i metodikkar, helsestasjonen**

Det vert stadig stilt krav til oppgåver helsesøstrene skal utføre. Det er behov for sertifisering i ulike metodikkar slik at helsesøstrene har nødvendig kompetanse for stette krav som blir stilt. Konkrete sertifiseringar som er aktuelle for helsesøstrene er:

NBO «Newborn Behavioral Observation». Opplæring og veiledning i nyfødtobservasjonsmetode (NBO) til bruk i relasjonsbyggjande arbeid med foreldre og spedbarn. Førebuing til foreldrerolla. ICDP "International Child Development Program". Dette er eit helsefremjande og førebyggande veiledningsprogram til foreldre med barn opp til 18 år. Programmet tar sikte på å styrke barn og unges oppvekstvilkår gjennom veileding av foreldre og andre omsorgspersonar.

### **Tiltak 70023: Veilederen.no, Felles helse og omsorg:**

Visma tilbyr abonnement på Veilederen.no. Dette er eit oppslagsverktøy for alle som arbeider innan helsetenestene. Her finn ein raskt fram til lovverk m.m., får tilgang til mange e-læringskurs samt får tilgang til adovakbistand ved vanskelege spørsmål. Abonnement på dette vil vere eit godt tiltak med tanke på å stette krav i *Forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring i helse- og omsorgstjenesten*.

Andre kommentarar til økonomiplan:

### **Psykologteneste**

Det er gjort vedtak om at Stryn kommune skal vere med i interkommunalt samarbeidsprosjekt for å stette lovkravet om kommunepyskolog. Eid kommune er vertskommune. I vedtak KS- 053/17 vart det lagt inn ein kr. 320.500,- for Stryn kommune sin del for 2018. I budsjett for 2019 er denne berre på kr. 130.000,-. Dette fordi det ikkje er oppnådd å rekruttere psykolog som planlagt. Dersom psykolog vert rekruttert i løpet av 2019 vil kvar kommune sin del i prosjektet auke.

### **Kreftkoordinator**

Stryn kommune er med i interkommunalt arbeid i høve kreftkoordinator. Kommunane har fått tilskot til deler av slik stilling. Dette tilskotet vart avsluta i 2018. F.o.m. 2019 vil difor kostnaden auke frå kr. 27.000,- pr. år til 73.000,- pr. år. Denne auka er lagt inn i budsjettforslag for 2019.

### **Husleigeinntekter**

Husleigeinntektene er i budsjettforslaget ikkje framskrevet. Årsaka til dette er omsyn til den stadig forverra økonomiske situasjonen til personar på trygdeytingar. Dette gjeld særskil grupper utviklingshemma. Desse har ofte innvilga ung ufør, noko som gjere at uførestønaden blir litt høgare enn minstestønad, som igjen fører til konsekvensar på andre områder. For eksempel:

- Bustøtte frå Husbanken har endra reglar for inntektsgrensa, noko som fører til færre får bustøtte
- Pristar på praktisk hjelp/hjelp i heimen er lovregulert etter netto skattbar inntekt henta frå siste godkjende sjølvmelding. Inntektsintervall vert delt inn etter G-grunnbeløpet. Minstepris er sett av departementet (2 G). Gruppa som kjem innunder minsteprisordringa er i all hovudsak minstepensjonistar. Dei som overskrid grensa må betale meir i mnd. for desse tenestene

- Det same gjeld mat, der minstepris går ut frå inntekt under 2 G.

Desse tilhøva set økonomien til personar med uførestønad under sterkt press. Ved å auke husleigene vil den økonomiske situasjonen deira verte ytterlegare forverra.

Ved å ikkje framskrive husleigeinntektene har Stryn kommune ei mindreinntekt på kr 290.820,- enn ved å framskrive desse med 2,3%. I budsjettet for 2019 er det ikkje lagt inn husleigauke.

### **Vikane omsorgssenter**

Ved Vikane omsorgssenter er det 31 institusjonsplassar. 2 av 4 avdelingar er bygde i 1977. 16 av 31 rom deler bad med anna rom. (2 rom pr. bad). 12 rom har eige bad og har grei standard. 2 rom har gammal standard, men har eige bad. 1 rom har bad i tilknyting til avdelingsleiar sitt kontor.

Det har vore gjort ei kartlegging av muligkeit for å byggje om plassane slik at alle får eige bad. I kartlegginga kom det fram at det ikkje er mulig å få bygd eit bad pr. rom. Korkje badet og rommet vil stette krav om universell utforming. Dersom kvart rom skal ha eige bad må ein difor finne andre løysingar.

Det vil i løpet av 2019 bli jobba med ulike løysingar for å renovere, eventuelt bygge nye plassar ved Vikane omsorgssenter. Alternativt å bygge fleire plassar ved Stryn omsorgssenter og redusere tal plassar ved Vikane omsorgssenter.

### **Prioritering:**

Kommunalsjef har sett følgjande prioriterte rekkefølgje på behova som er meldt inn:

1. Auka bemanning i teneste funksjonshemma, 1,72 årsverk, for å oppretthalde forsvarlege tenester etter auke i tal tenestemottakarar
2. Innkjøp/leige av velferdsteknologi
3. Tilføre 0,5 stilling til avdeling psykisk helse for å overta oppgåver innan rusarbeid som tidlegare har vore finansiert gjennom tilskotsmidlar
4. Auke ergoterapiressurs med 1,0 årsverk for å arbeide målretta mot heimebuande som ved tilrettelegging av bustad, trening, eigna hjelpemiddel og velferdsteknologi kan meistre kvardagen lenger i eigen heim.
5. Auke 0,8 stilling i barneverntenesta
6. Auke 0,6 stilling på arbeidssenteret for å yte forsvarlige tenester til brukargruppa etter auke i gruppa
7. Innkjøp av dusjstolar
8. Kompetansebygging helsestasjonen
9. Service på utstyr
10. Abbonement veilederen.no
11. Leasingbil arbeidssenteret
12. Engasjement 0,5 stilling flyktningtenesta
13. Auke 0,4 stilling i sentrumsgruppa
14. Ny kopi- og makuleringsmaskin

## **8.4 TEKNISK SEKTOR – PRIORITERTE INNSPEL TIL HANDLINGSDELEN I ØPL 2019-2022**

Teknisk etat har kommunedelplanar med handlingsplan for vassforsyning, saneringsplan for avløpsnett, trafikktrygging og samferdsle.

### **Kommunedelplan for vassforsyning 2018-2028**

Stryn kommune har starta arbeidet med kommunedel for vassforsyning. Vedtak om oppstart og høyring av planprogrammet blei gjort av formannskapet i møte den 15.06.16.

Prioriterte tiltak i økonomiplan for 2019-2022 er:

- Reparasjon av dam Holvevatn.
- SD-anlegg
- Sikring av vasskjelde – vidareførast i 2019.
- Tonningsætra – tilrettelegging for VA.
- Vatn og avløp til Nymarka på Storesunde inkl. trykkaukestasjon, veg og høgdebasseng.
- Vøling av terskel i Vikaelva ved hovudvassleidning, inkl. kum og vassmålar.
- Sjølvkostprogramvare VA.

**Handlingsdelen til saneringsplan for avløpsnettet** i Stryn kommune blei sist revidert av kommunestyre 10.09.2003.

Prioriterte tiltak i økonomiplan for 2019-2022 er:

- OV-grøft frå Bøahagen til elv. (2017-2018). Starta og vidareførast i 2019
- Forlenging av overvasssystem på Leitekvia. (2017-2018) Ikkje starta, men vidareførast i 2019
- Hovudplan avløp.
- Utbetring av lekkasje overvasssystem gbnr. 58/44, Kreklingen
- Utbetring av skader – utsleppslinjer kloakk.
- Luktfjerning og spyleanlegg Loen RA

### **Kommunedelplan for trafikktrygging og samferdsle** vart vedteken av kommunestyre 28.03.2017.

Kommunedelplanen skal i utgangspunktet reviderast kvart år for å ha ein kontinuerleg prosess. Sektorutvalet for tekniske saker vedtok ny revidert tiltaksliste i møte 23.10.2018.

### **Prioritering av tiltak som det kan søkjast fylkeskommunalt trafikktryggingstilskot til (TIK-midlar)**

#### **Tiltak på fylkesveg.**

1. Buss-skur Olden sentrum inkl. flytting av busslomme
2. Buss-skur på Fjellvang, Fv 698.
3. Trafikktryggingstiltak for gangfelt ved innkjøyringa til Naustbakkane og ved gangfelt der Fv 724, Oldedalsvegen kjem inn på Fv 60 i Olden sentrum

#### **Tiltak på kommunal veg:**

1. Opparbeiding av rundkjøring ved Vikane skule
2. Autovern Lindset - Vikalida
3. Setrevegen – vidareføring av oppbygd fortau langs heile vegen.
4. Autovern veg til Gytri i Oldedalen

## 5. Buss-skur på Lindset, langs kommunal veg

### **Enkle tiltak:**

1. Snarveg frå Kvitefjell bustadfelt mot Lovik bustadfelt
2. Snarveg frå bustadfelta til Stryn ungdomsskule

Prioriterte tiltak i økonomiplanen 2019 – 2022 er:

- Trafikkryggingstiltak 2019 – Vikane skule – opparbeiding av rundkøyring for bussar og bilparkeringsplass.

### **Andre prioriterte tiltak frå teknisk sektor i økonomiplanen 2019– 2022 er:**

- Opparbeiding av Per Bolstad Plass. Starta og vidareførast i 2019
- Adressering - vidareføring
- Etablere ny brannstasjon på Visnes, Visnes industripark
- Nykartlegging/ajourføring heile kommunen
- Kurs til forebyggande innan brann og tilsyn.
- Grunnutdanning brannmannskap
- Befalskurs
- Reasfaltering
- Utbetring av grusvegar
- Regulering Tonningskamben inkl. Geilevegen
- Utviding av Nordsida kyrkjegard
- Parkeringsplass Petterneset

### **Det er forslag om endring i følgjande gebyr:**

- Slamgebyr, auke med 2,3%
- Renovasjonsavgift, auke med 3,5%
- Tilleggsgebyr til renovasjonsgebyret, uendra. Kr. 20,-.
- Gebyr for gravmelding, auke med 2,3 % (ny pris kr. 735,-)
- Gebyr for handsaming av avkørsleløyve, auke med 2,3% (ny pris kr. 1.125,-)
- Gebyr for handsaming av løyve til stenging/sperring/kryssing av veg, auke med 2,3% (ny pris kr. 1.695, -).
- Feiing og tilsyn – uendra.
- Vassgebyr, auke med 12%,
- Avlaupsgebyr, auke med 6%
- Gebyr etter matrikkellova og eigarseksjonslova m.m., uendra. Timepris for medgått tid auka med 2,3 % til kr. 950,- .
- Betalingssatsar for kopiering, utplotting/skanning av teikningar/kart auka med 2,3%.
- Gebyrregulativ for tenester etter plan- og bygningslova, auke med 15%.
- Gebyrregulativ for handsaming av plansaker, auke med 15%.

## **8.5 ARBEIDSMILJØUTVALET - PRIORITERING AV HMS INNSPEL TIL HANDLINGSDELEN I ØPL 2019-2022**

Utkast frå sak i Arbeidsmiljøutvalet 7.6.2018.

Tiltaka blir også vurdert og prioritert av Bygg- og vedlikehaldavdeling.

«

Amu vedtok ei klarare oppfølging og formalisering av arbeidet med vernerunde og handlingsplanar i møte den 29.09.2010 for å sikre at HMS saker vert handsama budsjettmessig på ein tilfredstillande måte. Utvalet vedtok at HMS tiltak frå sektorane vert sortert i to kategoriar – kva som kan ordnast innanfor eige budsjett på arbeidsplassen og kva nye tiltak som treng «friske midlar » for å bli realisert.

Denne rutinen kan oppsummerast i følgjande hovudpunkt:

1. Tenesteleiar har ansvar for å gjennomføre vernerunde i samarbeid med verneombod innan 1. februar i budsjettårest
2. Det blir utarbeidd ein handlingsplan der det skjer ei grovsortering av tiltaka innan 1.mars etter følgjande inndeling:
3. Tiltak under punkt c) skal oversendast Amu innan 1.april i året.
4. Tiltak under punkt c) vert prioritert av Amu innan 1.juni i året og oversendt Finansutvalet for vidare handsaming i årsbudsjett og ØPL.

Leiarar i verksemda har i samsvar med punkt 1 i prosedyren gjennomført vernerunde i samarbeid med vernetenesta og sendt inn c) tiltak til rådmannen innan fristen den 1.april 2018.

Dersom rådmannen fordelar innkomne tiltak i

- a) bygningsmessige tiltak og
- b) utstyr, bemanning, opplæring og tekniske hjelpemidlar

får vi følgjande matrise (2018 i parantes) :

Sektor	Bygningsmessige tiltak	Utstyr, bemanning mm	Sum
Sentraladm.	0 (0)	0 (0)	0 (0)
Helse og sosialsektoren	16 (27)	3 (7)	19 (34)
Skule- og kultursektoren	44 (50)	0 (0)	44 (50)
Teknisk sektor	0 (0)	0 (0)	0 (0)
<b>Sum</b>	<b>77 (66)</b>	<b>7 (7)</b>	<b>63 (84)</b>

Dette er åttande gongen vi gjennomfører denne prosedyren. Rådmannen har registrert 63 c) tiltak. I tillegg til desse tiltaka kjem a) og b) tiltak i vernerunden som kan finne si løysing innanfor ordinært budsjett i 2019. Vedlagt følgjer oversikt der ein har føreteke ei registrering av innkomne tiltak.

Når det gjeld prioritering av HMS tiltak har rådmannen teke serskilt omsyn til tiltak der det er krav i lov eller forskrift eller klare helsemessige konsekvensar for tilsette dersom tiltak ikkje blir iverksett.

a) Bygningsmessige tiltak.

Sektorane har kjeme med fleire store tiltak som krev nybygg, rehabilitering og/eller betring av bygningsmassen. Dette er tiltak for å betre arbeidsforhold og innemiljø både for tilsette og brukarar.

Dette gjeld spesielt Tonning skule og Tonning barnehage,. Det må også nemast at arbeidsforholda har blitt vesentleg forbetra gjennom utbygging / rehabiliteringa av Stryn omsorgssenter og nytt helsecenter i 2016 og 2017. Kulturskulen vil få vesentleg betre lokaler frå skulestart 2018. Vaksenopplæringa flytta i 3.kvartal 2017 til nye lokaler i Rognehaugen 11 (tidligare helsecenter).

b) Bemanning, utstyr og opplæring.

Det er registrert tiltak som gjeld betring av utstyr ved Stryn omsorgssenter som er prioritert av rådmannen. Når det gjeld tiltak knytta til auka bemanning vil denne type innspel bli handsama gjennom den ordinære budsjettprosessen / ØPL for 2019-2022 for å sikre at alle etatane / arbeidsplassane blir vurdert samla.

Prosess.

Det er gjennomført møte med etatsleiarane, bygge- og vedlikehaldsleiar + at hovudverneombod har fått prioritering til uttale. Det er semje om følgjande prioritering:

Sak Nr.	Sak / problem	Tiltak	Prioritering	Kostnad	Arbeidsplass
<b>Skule og kulturetaten</b>					
20/21 10	Lys på veggen til barnehagen + parkeringsplass Lys ved parkeringsplass / port ved uteområde	Montere lys Montere lys	1 2	170 000 90 000	Loen skule og barnehage Nordsida skule og barnehage
32/33 9	Overflatevatn + lys på uteområdet Punkterte vindauge på aust-veggen. Klasserom + gymsal	Drenering + lysmast Skifte vindauge	3 4	310 000 150 000	Tonning barnehage Oppstryn skule og barnehage
6	Dårleg drenering på uteområdet	Betre drenering	5	600 000	Tonning skule
39/41	Manglar lys, stråleovn og straumuttak	Montering	6	48 000	Vikalida barnehage
18	Port inn til uteområdet	Ny port	7	30 000	Rand skule og barnehage.
<b>Helse- og sosialetaten</b>					
45	Fioen – tunge dusjstoler	Fornying av utstyr	1	34 000	Stryn omsorgs.
55	Gamle radiatorar i kontorfløyen	Nye radiatorar med automatisk varmereg.	2	30 000	Vikane omsorgssenter
62	Nye dører på legekontor – lydisolasjon	Nye dører	3	100 000	Vikane omsorgssenter
47	Betre lenestolar – Fiolen	Innskjøp av stolar	4	40 000	Stryn omsorgssenter
49	Varmt felleskontor til ergo-/fysioterapi	Markiser	5	30 000	Stryn omsorgssenter
50	Kalde kontor i admfløyen	Ekstra panelovnar	6	8 000	Stryn oms.sent
Sak Nr.	Sak / problem	Tiltak	Prioritering	Kostnad	Arbeidsplass
61	Manglar dør - skille rein og urein sone i vaskeri	Ny dør	7	20 000 262 000	Vikane omsorgssenter
		<b>Sum totalt</b>		<b>1 660 000</b>	

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Rådmannen viser til ovanfornemde forslag til prioritering av HMS tiltak for årsbudsjettet 2018.

**Arbeidsmiljøutvalet 07.06.2018:**


**Handsaming:**

Rådmannen sitt framlegg samrøystes vedteke.

**AM- 017/18 Vedtak:**

Rådmannen viser til ovanfornemde forslag til prioritering av HMS tiltak for årsbudsjettet 2019.

## 8.6 STRYN KYRKJELEGE FELLESRÅD - INNSPEL TIL HANDLINGSDELEN I ØPL 2019-2022



SAK	ORGAN	MØTEDATO	JOURN.NR.	ARKIV NR.
Ky-34/18	Fellesrådet	11.10.2018		112/111

Sakshandsamar: KSM

### BUDSJETT 2019 – ØKONOMIPLAN 2019-2022

#### Presentasjon:

Stryn Kyrkjelege Fellesråd skal levere eit konsekvensjustert budsjett som syner utgifter til noverande drift, der eventuelle endringar i løpet av 2018 er bakt inn. Forslaget vert sendt kommuneadministrasjonen med eit grunngjeve forslag til ramme, og kjem tilbake for endeleg handsaming der kommunen si rammeoverføring gjev grunnlag for å vedta eit driftsbudsjett i balanse.

#### Lovgrunnlag, reglar, føresegner, plandokument:

Kyrkjelova §14

Forskrift om budsjettering, rekneskapsføring og revisjon for kyrkjelege fellesråd og sokneråd.  
Økonomireglement for fellesrådet.

#### Aktuelt sakstilfang:

Blir lagt fram i møtet:

Forslag til Budsjett 2019.

Forslag til Økonomiplan 2019-2022

#### Saksopplysningar:

I budsjettet for 2019 er det lagt inn det reelle behovet samt inntekter som refusjon frå sokneråda for kateketteneste, statstilskot til trusopplæringa, avgifter for vigsel og gravferd, husleigeinntekt ved arrangement i kyrkjene, gravfesteavgift, stellavgift, renteinntekter og tenesteyting frå Stryn kommune.

Arbeidet pågår og forslaget som fellesrådet får framlagt i møtet, skal inn til kommuneadministrasjonen for gjennomgang. Når kommunen kjem med si løyving, får fellesrådet saka tilbake for endeleg godkjenning.

Netto kostnader for dei ulike ansvara:	Budsjettår 2018	Budsjettår 2019
Ansv. 11, kyrkjeverjekontor	kr 1.566.300	1.419.500
Ansv. 21, administrasjon	kr 150.800	154.800
Ansv. 21, kyrkjer	kr 1.711.700	1.939.000
Ansv. 21, andre kyrkjelege formål	kr 121.500	134.500
Ansv. 21, kyrkjegardar	kr 1.752.200	1.996.100
Ansv. 21, Finans(renteinntekter)	kr -10.000	-10.000
Ansv. 22 Konfirmantundervisning	kr 0	20.000
Ansv. 23, Kateket	kr 708.300	730.400
Ansv. 24, Trusopplæring	kr 66.300	79.700
Ansv. 25, prestekontor	kr 59.600	59.600

## **Særlege tiltak som er lagt inn i budsjettet for 2019**

Det er behov for å innføre eit elektronisk planleggingsverktøy for verksemda, som og omfattar elektronisk påmelding til kyrkjelege handlingar.

## **Forklaring til nokre av postane i driftsbudsjettet for 2019.**

**Lønskostnader generelt:** er sett opp som ein samla post, ikkje splitta i fast løn og tillegg. Det er lagt inn 2,3% lønsauke frå 2018 på alle lønspostar.

**KLP-premie** er utrekna etter tilsendt premieprognose pr. 20.09.18, og er på 15,38%.

Dei føregåande åra har premieprognosane lege for høgt, slik at vi har fått for stor overføring frå kommunen. For 2019 vil vi difor få eit nedtrekk i overføringane på kr. 522.183 som følgje av for høg overføring i 2017.

### **Lønsutgifter til kyrkjegardane:**

2019 blir første heile driftsåret med tre 100%-stillingar som kyrketenar/kyrkjegardsarbeidar. Dette medfører høgare lønsutgifter, men utifrå føresetnadene ved denne omorganiseringa vert det forventa at vikarbehov vert ordna internt slik at det ikkje vert sett av midlar til innleige av vikar. Det er likevel lagt inn 60.000 til ekstrahjelp i sommarsesongen.

### **Husleige kyrkjegardar:**

Gjeld lager-/verkstad i Olden brygge, avtale frå hausten 2017. Kom ved ein feil først med i driftsbudsjettet i siste revisjon av budsjettet for 2018.

### **Vedlikehald av bygningar og maskiner:**

Vart redusert i siste revisjon av budsjettet for 2018, dette var i realiteten ei underbudsjettering som ein no rettar opp.

### **Konfirmasjon:**

Etter kyrkjelova §15 skal kommunen etter pkt e) «etter budsjettforslag fra kirkelig fellesråd utrede utgifter til lokaler, utstyr og materiell til konfirmasjonsopplæring». Utgifter til husleige og undervisningsmateriell er lagt inn i forslaget.

### **Kateket:**

Ein avtale ved tilsetjing om midlar til kurs/fagutvikling blir no synleggjort i budsjettet frå 2019.

## **Framlegg prioriterte tiltak 2019**

Beløpa til tiltaka er førebels kun stipulert.

Fellesrådet må i møtet ta stilling til kva tiltak som skal prioriterast for grundigare priskalkyle inn mot endeleig budsjetthandsaming i kommunen, d.v.s. dei prosjekta det er viktigast å få gjennomføring eller oppstart på i 2019.

Fellesrådet må også sikre at alle aktuelle tiltak er med på lista. Nye tiltak blir vanskeleg å få inn seinare i prosessen.

## **DRIFT VEDLIKEHALD**

1. Programvare for planlegging, påmelding. Inkl. opplæring	45 000,00
2. Ny tilhengar, for frakt av utstyr mellom kyrkjegardane	15 000,00

## TILTAK INVESTERING

1. Reperasjon av tak - Innvik kyrkje	kr.1.200.000	2019
2. Delvis rehabilitering av Nordsida kyrkje	kr. 200.000 -1.000.000	2019
3. Universell tilkomst Utvik kyrkje	Kr. 300.000	2019
4. Minnelund Oppstryn kyrkjegard, forprosjekt	kr. 50.000	2019

### Kyrkjeverjas framlegg til prioriterte tiltak for perioden 2019 – 2022:

#### Investeringar

Tiltak	Kostnad	Budsjettår
1. Reperasjon av kyrketak Innvik kyrkje	1.200.000	2019
2. Måling/Rehabilitering, trinn 1, Nordsida kyrkje	200.000-1.000.000	2019
3. Universell tilkomst Utvik kyrkje	300.000	2019
4. Minnelund ved Oppstryn kyrkje, forprosjekt	50.000	2019
5. Lynvernanlegg Olden (nye) kyrkje	300.000	2020
6. Lynvernanlegg Utvik kyrkje	300.000	2020
7. Lynvernanlegg Randabygd kyrkje	300.000	2020
8. Nordsida kyrkje - Kombinert HC-toalett/reiskapshus	500.000	2020
9. Golvteppe Olden kyrkje	160.000	2021
10. Golvteppe i Nordsida kyrkje	400.000	2021
11. Asfaltering parkeringsplass v/ Oppstryn, Nordsida, Nedstry og Olden kyrke	500.000	2021
12. Brannslager/overrislingsanlegg i 7 kyrkjer	4.900.000	2021
13. Reiskapshus Olden (nye) kyrkje	450.000	2022
14. Utvendig måling av Innvik kyrkje		
15. Orgel vedlikehald/reparasjon Olden, Randabygda		

Tak, Olden gamle kyrkje – evt. vedlikehald?

#### Kommentarar til tiltaka:

##### **1. Reparasjon av kyrketak, Innvik kyrkje.**

Tiltaket var vedteke prioritert i 2018, men vart sett på vent for å først få gjennomført takreperasjon på Loen kyrkje som vart vurdert som akutt behov. Etter førre budsjethandsaming har Riksantikvaren kome med si uttale, som medfører totalrehabilitering i staden for nytt tak, og som gjer tiltaket vesentleg dyrare. Det er førebels ikkje henta inn ny priskalkyle.

##### **2. Rehabilitering av Nordsida kyrkje**

Nordsida kyrkje er ei arbeidskyrkje i betong, bygd år 1973, og er den yngste av kyrkjene i Stryn kommune. Betongkyrkja bærer preg av därleg vedlikehald over tid.

Det vart i 2016 innhenta ein tilstandsrapport av bygget. Det mest presserande synest å vere tåret der m.a. treverket må vølast. Det er og stort behov for måling av kyrkja, men det kan ikkje gjerast før dei påviste korrosjonsskadene i armeringsjernet er utbetra, det i seg sjølv er stipulert til 3-400.000 (2016). Det vert peika på sviktande drenering, lekkasje frå tak,

fuktinntrenging gjennom dører, generelt behov for utskifting/oppgradering av VVS og El.anlegg, +++

Tilstandsrapporten gjev grunnlag for å ta rehabiliteringa i fleire trinn, d.v.s. over fleire budsjettår. Dette må skje i tett samråd med bygg/vedlikehaldsavdelinga i kommunen.

### **3. Universell tilkomst Utvik kyrkje**

Det er ikkje fast rullestolrampe til denne kyrkja, og det må brukast lause skinner og mannskap for å få rullestolbrukaren inn i kyrkja. Soknerådet har på eige initiativ fått laga eit forprosjekt (v/Norplan) som syner to alternative løysingar. Det føl ikkje kostnadsoverslag med i forprosjektet.

### **4. Minnelund i Oppstryn, forprosjekt**

Oppstryn sokneråd har jobba over lengre tid for å få etablert ein minnelund på kyrkjegarden. Dette er eit tiltak som vil vere aktuelt for fleire kyrkjegardar i kommunen, og det er ynskjeleg å kome i gong med eit slikt tiltak så snart som råd. Ei løyving i 2019 kan gjere det mogleg å førebu etablering av gravlund i 2020.

\*\*\*\*\*

### **5. Lynvernanlegg Olden (nye) kyrkje**

Vi har lynvernanlegg i alle kyrkjene så nær som Olden, Utvik og Randabygd. Av desse må Olden kyrkje prioriterast først på grunn av beliggenheita og dei spesielle stål bardunane som gjer denne kyrkja serleg utsett.

### **6. Lynvernanlegg Utvik kyrkje**

Kyrkja manglar dette.

### **7. Lynvernanlegg Randabygd kyrkje**

Kyrkja manglar dette.

### **8. HC-toalett og reiskapshus til Nordsida kyrkje**

I planen for utviding av gravplassen på Nordsida er det planlagd eit reiskapshus innafor kyrkjeparten og HC-toalett som påbygg på kyrkja anten ved toaletten ved sakristiet eller ved inngangen til kyrkja.

### **9. Golvteppe Olden kyrkje**

Golvteppe i midtgang – stor slitasje. Svært mykje turistar innom gjennom heile sommaren.

### **10. Golvteppe i Nordsida kyrkje**

Gamal filt. Samlar mykje støv og skitt – det vurderas fleire alternativ.

### **11. Asfaltering parkeringsplass v/ Oppstryn, Nordsida, Nedstryne og Olden kyrkje**

### **12. Brannslager/overrislingsanlegg i 7 kyrkjer**

Dette er ei stor kostnad, men vil gje stor reduksjon av forsikringspremie. KNIF (Knif Trygghet forsikring) gjer opptil 90% reduksjon i forsikringspremie.

### **13. Reiskapshus Olden (nye) kyrkje**

Under orkanen «Dagmar» vart det gamle reiskapshuset øydelagt. Det er behov for å setje opp eit større og betre bygg, til kostnader utover erstatningsbeløpet frå forsikringa. 5-årig leigekontrakt inngått på Olden brygge nov. 2017 utset behovet.



### **Drøfting i møtet:**

Det vart opplyst at det er gjort ei endring i driftsbudsjettet etter at saksutgreiinga vart sendt ut: nedtrekk for mykje utbetalt KLP-premie for 2016 blir og ført på 2019-budsjettet, det medfører eit samla nedtrekk (for 2016 og 2017) på kr. 1.078.000.

Lista med tiltak vart gjennomgått. Det vart presisert at prisoverslaga ikkje er kvalitetssikra. For Nordsida kyrkje føreligg ein tilstandsrapport frå 2016 som blir nytta som utgangspunkt. For dei andre tiltaka vart kyrkjeverja beden om å omgåande skaffe best mogleg kostnadsoverslag for dei fire tiltaka som er prioritert i forslaget, og i tillegg innhente prisoverslag på lynvernанlegg.

### **Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak (i møtet):**

Vedlagde forslag til årsbudsjett 2019 og Økonomiplan 2019-2022 vert vedteke som Fellesrådet sitt innspel til kommunen, med dei kommentarane som kom fram i møtet.

### **Vedtak:**

Vedlagde forslag til årsbudsjett 2019 og Økonomiplan 2019-2022 vert vedteke som Fellesrådet sitt innspel til kommunen, med dei kommentarane som kom fram i møtet.

<b>Sign.</b>	<b>Utskrift sendt til:</b>
Kari Synnøve Muri	Sokneråda Medlemmane i fellesrådet Sokneprestane Prosten i Nordfjord Stryn kommune, v/rådmann
-sekr-	

## 8.7 KONTROLLUTVALET SITT FRAMLEGG TIL BUDSJETT 2019

### Kontrollutvalet

SEKOM-sekretariat

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
28/18	Stryn kontrollutval	25.09.2018

Arkiv	Sakshandsamar
FE - 151	Arnar Helgheim

### Budsjett 2019 for Stryn kontrollutval

#### Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Saka går vidare til kommunestyret).

Kontrollutvalet tilrår følgjande budsjett 2019 for drift av kontrollutvalet:

Konto	Tekst	B2018	B2019
108	Godtgjersle folkevalde	45 000	45 000
109	Arbeidsgjevaravgift	5 000	5 000
115	Opplæring / kurs	20 000	15 000
116	Skyss / diett	5 000	10 000
119	Kontingent FKT	6 000	6 000
	Sum	81 000	81 000

### 25.09.2018 Stryn kontrollutval

#### Handsaming:

Tilrådinga vart samråystes vedteken.

#### STR-28/18 Vedtak:

Kontrollutvalet tilrår følgjande budsjett 2019 for drift av kontrollutvalet:

Konto	Tekst	B2018	B2019
108	Godtgjersle folkevalde	45 000	45 000
109	Arbeidsgjevaravgift	5 000	5 000
115	Opplæring / kurs	20 000	15 000
116	Skyss / diett	5 000	10 000
119	Kontingent FKT	6 000	6 000
	Sum	81 000	81 000

#### Saksutgreiing:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar §18, har kontrollutvalet ansvar for at det vert utarbeidd budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Eit forslag til budsjetttråme skal følgje formannskapet si innstilling til kommunestyret.

Stryn kommune er med i interkommunale samarbeid når det gjeld revisjon og sekretariattenester gjennom høvesvis Kommunerevisjonen i Nordfjord og SEKOM-sekretariat. Etter vedtekten i selskapa, er det styret som vedtek budsjettet og sender til kommunane. Det er difor berre budsjett for drift av kontrollutvalet som vert handsama av kontrollutvalet.

I drift av kontrollutvalet, hører følgjande kostnader naturleg inn:

- Møtegodtgjersle/tapt arbeidsforteneste
- Arbeidsgjevaravgift
- Opplæring/kurs/seminar
- Skyss- og diettgodtgjersle
- Kontingentar
- Andre utgifter